

# Fråsegner 2017–2021

Vedteke på LOs 34. ordinære kongress 8.–12. mai 2017

# **Innhald**

Trygge jobbar – nytt fleirtal	4
Næringspolitisk fråsegn	6
Tariffpolitisk fråsegn	12
Pensjonspolitisk vedtak	14
Ein sterk offentleg sektor i heile landet	23
Fråsegn om samferdsel	25
Maritim aktivitet – utan sosial dumping	28
Palestina	29
Internasjonal fråsegn	31

# Trygge jobbar – nytt fleirtal

Stortingsvalet 11. september blir svært viktig for LOs medlemmer. I snart fire år har vi hatt det mest høgreorienterte stortingsfleirtalet og den mest høgreorienterte regjeringa i nyare tid. Høgre og Framstegspartiet, med støtte frå Venstre og Kristeleg Folkeparti, har utfordra grunnleggjande faglege rettar og arbeidstakarane sine interesser. LO-kongressen vil oppfordre alle medlemmene sine om å bruke stemmeretten og bidra til eit nytt fleirtal på Stortinget for ein ny politikk og ei ny regjering.

Arbeid til alle er jobb nr. 1. Ei ny regjering må ha som si viktigaste oppgåve å sikre full sysselsetjing og tryggje arbeidsplassar over heile landet. Vi treng tryggheit for jobb, og tryggheit i jobb.

Politikken til Høgre- og FrP-regjeringa skaper ikkje arbeidsplassar, og rekordmange er no utan jobb. I 2016 var arbeidsløysa den høgaste på 20 år. Det er uakseptabelt at andelen som ikkje er i arbeid, er den høgaste på over 20 år – ein tredjedel av befolkninga i yrkesaktiv alder står utanfor arbeidslivet. Høg sysselsetningsgrad er den viktigaste kjelda til verdiskaping, samtidig som det å ha ein jobb å gå til er av stor betydning for økonomien og velferda til kvar enkelt.

Fallet i oljeprisen har vore krevjande for norsk økonomi, slik også den store finanskrisa i førre stortingsperiode var svært utfordrande. I slike tider trengst politikarar som tek ansvar og prioriterer riktig. Det har dagens regjering ikkje gjort. LO meiner at vi må utnytte energiressursane våre og andre nasjonale fortrinn og skape framtidsretta jobbar. Vi vil ta vare på miljøet og kutte klimautsleppa. Derfor vil vi ha ein aktiv næringspolitikk. Det trengst meir investeringar og meir forsking. LO tek kraftig avstand frå ønske frå Høgre og Framstegspartiet om å privatisere og selje ut infrastrukturen, skogen, fisken, vasskrafta og strategisk viktig norsk industri.

Gjennom fire statsbudsjett har Høgre og FrP, med støtte frå Venstre og KrF, kutta skattane med 25 mrd. kroner, utan målbar effekt på vekst og sysselsetjing. 25 mrd. kroner i skattekutt er inga eingongsutgift, men ei stadig svekking av inntektene til fellesskapet, og eit sterkt bidrag til aukande forskellar i samfunnet.

Ei ny regjering må sikre tryggheita i arbeidslivet og stoppe arbeidslivskriminalitet og sosial dumping med kraftige tiltak. Arbeidet med ei ny og forsterka arbeidsmiljølov må kome i gang raskt, blant anna for at vi skal møte utfordringane frå nye kreative organisasjons- og tilsetjingsformer. Andelen mellombels tilsette har auka som ein konsekvens av at arbeidsmiljølova er svekt. LO vil at faste, heile stillingar igjen må bli målet for arbeidslivspolitikken. Tilsetjingskontraktar med formuleringar som «fast tilsett utan lønn mellom oppdrag» må gjerast ulovlege.

Bemanningsbransjen må regulerast strengare, og det må snarast bli slutt på at ein kan tilsetje folk i generelle mellombels stillingar.

Vi vil ha eit lærande arbeidsliv med seriøsitet og standardar som fremmar kompetanse og utvikling, og som gjer oss i stand til å kunne stå eit langt liv i krevjande arbeid.

Gjennom dei siste fire åra har vi opplevd kraftige tilbakeslag for likestillinga mellom kvinner og menn. Vi krev ein aktiv likestillingspolitikk som styrker kvinners stilling i arbeidslivet, og ein familiepolitikk som legg til rette for kvinners yrkesdeltaking og moglegheiter for å forsørge seg sjølv og barna sine.

Den sitjande regjeringa fremmar ein politikk der offentlege velferdstenester som helse, omsorg og skule skal driftast på same premissar som kommersielle tenester. Regjeringa har bevisst jobba for ein marknadsstyrt offentleg sektor som blir organisert meir etter ønske om fortenevn enn kvalitet, der kommersielle investorar skal hente ut overskot. Arbeid til alle og ein sterk offentleg sektor med universelle velferdstenester er det beste verkemiddelet mot fattigdom og skeivfordeling. At tenestene har universell karakter, er også viktig for oppslutninga om fellesskapsløysingar. Når offentleg sektor

sjølv driv velferdstenester, er det større moglegheit for å sikre kvalitet, kontinuitet og sikkerheit. I åra framover er det viktig å sikre ein framleis sterk offentleg sektor i heile landet, som løyser samfunnsutfordringane på ein god måte og sørger for at ressursar som tilhører fellesskapet, kjem fellesskapet til gode.

For å halde ved like ei god forvaltning framover treng vi ei tenestemannslov som tek dei nødvendige omsyna for at vi skal ha ei myndigheitsutøvande forvaltning. Staten skal sørge for rettssikkerheit, demokrati og ytringsfridom. Lova må sikre at dei tilsette i statsforvaltninga er uavhengige, hindre korruption, kompistilsetjingar og vilkårlege oppseiingar. I tillegg må lova legge til rette for gode omstillingss prosessar i staten.

LO er oppteken av at vi tek heile landet i bruk. Høgre og FrP sentraliserer og sel Noreg. Samtidig er det kutta mange hundre millionar i regionale utviklingsmidlar. Saman med ei rekke andre kutt og ein svært sentraliserande fiskeri- og landbruks politikk svekkjer det distrikta. Mange kommunar har ikkje ressursar til å gi innbyggjarane det tilbodet dei treng.

LO er den leiande og dominerande arbeidstakarorganisasjonen i landet, med 915 000 medlemmer. Vi er ein open og demokratisk organisasjon som ønskjer å påverke samfunnsutviklinga i tråd med interessene til medlemmene og vedtaka dei har gjort. LO tek derfor opp saker med styresmaktene, arbeidsgivarane og alle dei politiske partia. Det formelle faglegpolitiske samarbeidet mellom LO og Arbeidarpartiet er ein føresetnad for styrken i arbeidarrørsla. LO må framleis samarbeide med Arbeidarpartiet om å styrke det faglegpolitiske samarbeidet på lokalt plan.

LOs oppgåve i valkampen er å synleggjere forskjellane mellom dei politiske partia og kva for konsekvensar dei ulike alternativa kan få for arbeidstakarane. LO vil kjempe for ei samfunnsutvikling som styrkjer fellesskapet, og for økonomisk og sosial tryggheit og arbeid til alle. LOs 34. ordinære kongress slår derfor fast at dei fagorganiserte er best tente med eit nytt fleirtal, og ei ny regjering leidd av Arbeidarpartiet. LO kan støtte og samarbeide med parti som stiller seg bak våre mål, og som byggjer på det parlamentariske demokratiet som styringsform, anerkjenner den viktige jobben som blir utført av dei tillitsvalde på alle nivå, og den sentrale rolla det norske trepartssamarbeidet har.

På denne bakgrunnen løyver LO-kongressen 10 millionar kroner til Arbeidarpartiet, 2 millionar kroner til Sosialistisk Venstreparti og 1 million kroner til Senterpartiet til valkamparbeid.

# Næringspolitisk fråsegn

Næringspolitikken skal støtte opp under dei breie politiske måla: arbeid til alle, vekst, velstand og nødvendig omstilling. Vi har ei rekordhøg arbeidsløyse, og den største endringa ser vi i petroleumsnæringa og dei næringane som leverer produkt og tenester til den. Det som har betydd mest for industriens evne til å overleve og vekse, er knytt til den norske modellen og lønnsdanninga. Lønnsveksten har tilpassa seg nye rammevilkår, og dermed har Noregs Bank kunna setje ned renta, slik at alle delar av konkurranseutsett verksemder har kunna dra nytte av gunstig kronekurs. Dette har betydd langt meir enn skattelettane regjeringa har gitt. Noreg har alle moglegheiter til å hevde seg i den globale konkurransen. Små lønnsforskjellar bidreg også til at spisskompetansen er relativt billig i Noreg. Det er grunnlag for ei reindustrialisering av Noreg og ny vekst. I år framover vil vi trenge mykje meir samarbeid på tvers av bransjar – både på tvers av industri- og tenestesektoren, mellom og på tvers av ulike industrigreiner. Vidare blir det viktig å sjå næringspolitiske rammevilkår, arbeidslivspolitikk, utdanningspolitikk og klimapolitikk i samanheng for å styrke grunnlaget for både eksisterande og nye arbeidsplassar.

Noreg er eit lite land med ein open økonomi i ei stadig meir globalisert verd og er meir avhengig av klare og tydelege køreregular for handel enn andre og større nasjonar. Derfor er det avgjerande for Noreg at vi har handelsavtalar som gir norsk industri og tenesteproduksjon like vilkår.

## Klima

FNs internasjonale klimaavtale frå 2015 pålegg alle land å ta ansvar for å stoppe klimaendringane. Noreg må framleis vere i front for å bidra til at vi når måla. Klimautfordringa er global, og nasjonale tiltak for å kutte klimagassutslepp må ha effekt globalt, anten direkte eller indirekte i form av teknologiutvikling.

Vegen til lågutsleppssamfunnet er krevjande, men det er også store moglegheiter for norsk næringsliv i omstillinga til lågutsleppssamfunnet. Politisk styring og tilstrekkelege offentlege investeringar er også nødvendige for å nå målet. Nasjonal klimapolitikk må innrettast slik at han skaper fleire arbeidsplassar enn han kostar. For å få til dette er det nødvendig med ein tydeleg og heilskapleg politikk som hindrar auka ulikskap, og som sikrar ei rettferdig omstilling til eit berekraftig, trygt og inkluderande arbeidsliv. Reelt partssamarbeid, trepartssamarbeid og medverknad i omstillingsprosessar er ein føresetnad for å finne dei beste løysingane og skape forankring for nødvendige endringar.

Paris-avtalens understrekning av ei rettferdig omstilling av arbeidsstyrken med sikring av anstendig arbeid er eit resultat av mangeårig arbeid frå fagrørsbla. Det er viktig at landa no rapporterer på dette arbeidet til klimakonvensjonens sekretariat. Derfor er det viktig at ei ny norsk klimalov inneheld føresegner om rapportering på korleis regjeringa har sikra trepartssamarbeid, sosial dialog og deltaking frå sivilsamfunnet i arbeidet med å gjennomføre klimamåla som er fastsette i lova.

## CO<sub>2</sub>-fangst

CO<sub>2</sub>-fangst og -lagring er eit nødvendig verkemiddel for å nå klimamåla. Noreg har investert i kunnskap om CO<sub>2</sub>-fangst. Norsk sokkel kan spele ei viktig rolle som CO<sub>2</sub>-lager. Staten må bere transport- og lagringskostnadene for fanga CO<sub>2</sub> fram til det er skapt ein marknad for dette. Vi må ha fleire fullskala demonstrasjonsprosjekt i drift innan 2022 og realisering av prosjekta Klemetsrud (avfallsanlegg), Norcem Brevik (sementfabrikk) og Yara (gjødsselfabrikk).

## Digitalisering

Det enorme tempoet som kjenneteiknar digitaliseringa av prosessane i arbeidslivet, er krevjande. Det fordrar høg kompetanse og endringsevne og -vilje av alle partar, men også forståing for at Noreg er eit lite land med andre eigenskapar enn mange andre. Vi skal gjennomføre endringane innanfor ramma av den norske modellen med trepartssamarbeid.

LO er tilhengar av ny teknologi som gjer næringslivet og offentleg sektor meir effektivt. Innføringa skal skje på ein måte som gagnar alle. Digital21, initiert av LO og NHO og drive av NFD, er eit eksempel på måten Noreg skal handtere endringane: ved samarbeid mellom partane, styresmaktene, forskings- og utdanningsinstitusjonane.

## **Eigarskap**

Offentleg eigarskap sikrar nasjonal forankring og styring av bedrifter som er sentrale for samfunnet. Det er eit viktig instrument for å fremme likestilling og integrering, og offentleg eigde selskap skal vere føregangsselskap for satsing på lærlingar. Offentleg eigde selskap skal drivast på ein slik måte at dei ikkje gir rom for sosial dumping eller arbeidslivskriminalitet. LO vil styrke dagens statlege eigarskapsforvaltning gjennom å etablere eit strategisk eigarskapsinstrument som har til formål å sikre at selskap av nasjonal betydning har nasjonal forankra eigarskap.

## **Lånegaranti for industrien**

Det må leggjast til rette for konkurransedyktige rammevilkår slik at kapitalmiljøa finn langsigtige industrielle investeringar attraktive. I tider med stor usikkerheit i finansmarknadene aukar lånekostnadene. Dette skaper utfordringar for industri som har behov for auka investeringar framover. Eit treffsikkert og rimeleg insentiv er å etablere ei ordning for statsgarantiar for låneforpliktingar til industri innanfor reglane i EØS-avtalen. Dette forbetrar låneevna til industrien, kostar samfunnet svært lite, samtidig som det kan utløyse investeringar på mange milliardar.

## **Offentlege anskaffingar**

Offentleg sektor har eit stort ansvar for å ta ulike samfunnsomsyn gjennom innkjøpa sine, som å skape arbeidsplassar, kjempe mot arbeidslivskriminalitet og sosial dumping, sikre innovasjon og ta omsyn til klima- og miljøutfordringar. For å sikre at formålet med offentlege anskaffingar blir nådd, er det avgjerande med auka kompetanse og god leiingsforankring både på lokalt og regionalt nivå. Reglane om krav til seriøs verksemd, kompetanse og opplæring i prosjekta må omfatte dei som får offentlege tilskot, og det må stillast krav i offentlege anbodsrundar i kommunar og fylke om at bedriftene er aktive lærebedrifter.

## **Forsvar og industrielle samarbeidsavtalar**

Sikkerheits- og beredskapsomsyn tilseier at det norske Forsvaret må ha høg sjølvforsyningsgrad når det gjeld produksjon og vedlikehald av forsvarsmateriell, som ein integrert del av Forsvaret sjølv, og i form av samarbeidsavtalar med strategisk nasjonal forsvarsindustri. Noreg må inngå industrielle samarbeidsavtalar om gjenkjøp ved internasjonale anskaffingar.

## **Kraft, verdiskaping**

Noreg har Europas nest høgaste fornybarandel i forbruket. Hushalda i Noreg har eit høgare innslag av straum i forbruket sitt enn resten av Europa. Vi har bygd opp ein konkurransedyktig kraftforeldande industri basert på dei fornybare ressursane våre. Den nasjonalt viktige vasskraftressursen må utviklast og vedlikehaldast. Opprusting av vasskraftverka og ei skånsam utviding må vurderast i samanheng med flaumvern.

Linjenettet må rustast opp slik at prisforskjellane i Noreg blir reduserte. Kompetanseforskrifta for energibransjen må innførast på nytt. Industrikraftregimet må vidareutviklast og vedlikehaldast. Den store fornybare kraftressursen må brukast til å skape ny industri. Det bør utviklast ein likeverdig nettariff i regional- og sentralnettet for store forbrukarar, lik den modellen som i dag gjeld for sentralnettet.

NVEs varedeklarasjon bør endrast til å spegle den fysiske leveransen av kraft, og regjeringa bør arbeide for å få fjerna heile ordninga med opphavsgarantiar i revisjonen av EUs fornybardirektiv. I dag blir garantiane selde uavhengig av kvar krafta blir sold. Det inneber at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser eit norsk kraftforbruk der tre fjerdedelar er baserte på fossile kjelder eller kjernekraft fordi vi ikkje har kjøpt garantiar for dette forbruket.

Kraftkrevjande industri i Noreg, slik som aluminiumsproduksjonen, får i dag kompensert for det påslaget i kraftprisen som kjem av effekten av at kraftområdet i Europa ligg i kvotesystemet. LO meiner EU-ordninga må halde fram og gi rom for full kompensasjon. Norsk kraftproduksjon

er i all hovudsak fornybar, og den høgare kraftprisen som følgje av at den europeiske fossile kraftproduksjonen må betale for CO<sub>2</sub>-utsleppet, bør ikkje svekkje den norske industriens konkurranseevne. Noreg må føre ordninga vidare fullt ut og inkludere nikkel og ilmenitt.

Høgre/FrP-regjeringa har opna for fri rett til å byggje, eige og drive utanlandskablar. Det gir mindre nasjonal og politisk styring. Noreg vil tape på det som industrinasjon, og det vil ramme forbrukarane. Konsesjonssøknaden frå NorthConnect må stansast. Ei ny regjering må etter valet reversere endringa i energilova og sørge for at Statnett får tilbake eineretten til å byggje, eige og drifte utanlandskablane. Dei er ein del av sentralnettet.

Norsk vasskraftproduksjon skal vere offentleg eigmend. Statkraft skal bli verande i statleg eige og gjennom staten som aktiv eigar vere pådrivar og kompetanseleiande for auka produksjon av fornybar energi.

### Petroleumsnæringa

Fallet i oljeprisen har ført til ei tøff omstilling i mange bedrifter med oppseiingar og permitteringar. Trass i dette har norsk industri styrkt si konkurranseevne og reestablishert seg som den primære leverandøren til norsk sokkel. Den norske olje- og gassnæringa sysselset rundt 270 tusen tilsette i operatørselskapa og leverandørbedriftene som leverer varer og tenester.

Noreg er ein vesentleg energileverandør til Europa. Den norske olje- og gassutvinninga har utvikla ein stor, teknisk avansert leverandørindustri til olje, gass og maritim sektor. Vi har ein vesentleg eksport av petroleumsrelaterte varer og tenester. Næringerane er internasjonalt leiande på utvikling av installasjonar som skaper verdiar i og på havet.

LO meiner det er eit mål å vidareutvikle den havbaserte kompetansen. Petroleumsutvinninga og dei tilknytte maritime tenestene dannar basisen for utviklinga i leverandørindustrien. Jamn og føreseieleg tildeling av nye oppdrag skal bidra til å halde ved like og vidareutvikle dagens høge kompetanse i leverandørindustrien. Denne kompetansen dannar plattforma for ny utvikling i matproduksjon, energiproduksjon og mineralutvinning og er ein kunnskapsbase for utviklinga av ny verksemnd.

For å sikre arbeidsplassar i heile landet må det bli lettare for lokale leverandørar å vinne kontraktar. Styresmaktene må kontrollere dei kontraktstrategiane som selskapa vel ved feltutbyggingar, for å sikre at lokale leverandører kan delta i konkurransen om viktige kontraktar.

Det må leggjast til rette for vidareutvikling av leverandørindustrien i nord for å auke lokale og regionale ringverknader. Krava i petroleumslova til nasjonale ringverknader må etterlevast ved utbygging på norsk sokkel. Det må brukast standardkontraktar i utbyggingsprosjekt.

Norsk sokkel har dei høgaste krava til helse, miljø og sikkerheit i verda. Trendane på sikkerheitsmåla har likevel peika i feil retning. Denne trenden må vi snu. Arbeidsplassane på havet skal vere trygge arbeidsplassar. Norsk sokkel skal ikkje kompromisse på sikkerheitskrava, det er ein føresetnad for retten til å operere i Noreg.

For å auke kostnads-, energi- og omstillingseffektiviteten i leverandørindustrien vil vi satse på forsking og utvikling. Det er viktig at styresmaktene stimulerer til smartare, meir effektive og meir miljøvennlige løysingar som skal bidra til lågare klimagassutslepp, omstilling og betre helse, miljø og sikkerheit i næringa.

Strenge norske krav til produksjonen har ført til ei satsing på energieffektivisering og nye tekniske løysingar. Denne utviklinga må vidareførast, og Noreg skal vere globalt leiande på låge utslepp i produksjonsfasen av olje og gass. Utslepp frå forbrenning av fossile energikjelder er den viktigaste årsaka til klimautfordringa. Paris-avtalen forpliktar også olje- og gassnæringa.

Oljen og gassen på norsk sokkel er verdifulle ressursar som tilhører fellesskapet.

Ressursforvaltninga skal kome norsk industriell utvikling og heile landet til gode. LO er oppteken av at aktivitet i Nordland, Troms og Finnmark skal gi sterkare ringverknader lokalt, og vil at det skal stillast strenge krav til oljeselskapa om dette. Det er viktig å legge til rette for vidare aktivitet og verdiskaping frå petroleumsverksemda. Oljenæringa må sikrast føreseielege rammevilkår som gjer det mogleg å halde ved like kompetanse og gjere langsiktige investeringar.

Opning av nye område for petroleumsverksemd skal skje stegvis. Det må leggjast stor vekt på dei heilskaplege forvaltningsplanane som balanserer oljenæringa sine interesser mot anna næringsverksemd som reiseliv og spesielt fiskeria. Løyve til ny verksemd skal vere baserte på føre-var-prinsippet og strenge krav til miljø og sikkerheit.

Det kan vere betydelege olje- og gassressursar nordaust i Norskehavet, samtidig er det i delar av dette området verneverdig og sårbar natur og moglege konfliktar mellom petroleumsverksemd og fiskeri og turisme. Den stegvise og kunnskapsbaserte framdrifta i utvikling av olje- og gassverksemda på norsk sokkel må fortsetje. Denne tilnærminga må også gjelde i den nordaustlege delen av Norskehavet, der det er grunn til å vere særleg aktsam i enkelte område.

LO meiner at det er grunnlag for å innføre petroleumsfrie soner som sikrar særskilde område i Lofoten, Vesterålen og Senja. I tråd med lokale ønske støttar LO også arbeidet med å gjere den sørlege delen av Lofoten til nasjonalpark for å gi den unike naturen her eit sterkt vern.

I første omgang kan havområdet utanfor Lofotodden nasjonalpark bli ei petroleumsfri sone, med eit petroleumsfritt belte på 50 kilometer frå land. Heile Vestfjorden må vere eit petroleumsfritt område. Sonene må avgrensast nærmare når forvaltningsplanen for Barentshavet og Lofoten blir revidert.

Delar av Nordland 6 er alt opna for petroleumsaktivitet, og her er eksisterande infrastruktur lettast tilgjengeleg. LO meiner derfor at Nordland 6 må konsekvensutgreiast. Utgreiinga må avklare kva for delar som eventuelt kan opnast for olje- og gassverksemd, og kva for delar som bør unntakast.

Arbeidet med ei konsekvensutgreiing må ikkje kome i konflikt med andre næringar, må baserast på eit tett samarbeid med fiskerinæringa og utførast på ein mest mogleg skånsam måte. Best tilgjengeleg teknologi må takast i bruk. Spørsmålet om området skal opnast eller ikkje, må behandlast når konsekvensutgreiinga er gjennomført.

I Nordland 7 og Troms 2 har vi ikkje erfaringar med petroleumsverksemd. Sokkelen er her smalare, og utfordringane overfor andre næringar derfor større. Desse områda må vente til det kjem fram oppdatert kunnskap i samband med at den heilskaplege forvaltningsplanen for Lofoten og Barentshavet blir revidert i 2019/2020. I tråd med gjeldande vedtak om opninga av Barentshavet søraust meiner LO at petroleumsverksemd i og ved iskanten ikkje kan sameinast med ei forsvarleg forvaltning av havområda våre.

## Mineral

For å sikre at det skal vere attraktivt å drive mineralverksemd i Noreg, må det leggjast til rette for betre ressursplanlegging, meir effektive og føreseielege planprosessar, og vi må styrke kompetansen i mineralforvaltninga. Tempoet i kartlegginga av førekomstar må aukast. Det må etablerast eit nasjonalt ressurscenter for prospektering i Noreg. Det må jobbast for at det blir etablert eit statleg mineralselskap som skal ha som oppgåve å forvalte store verdiar som finst på norsk territorium.

Svalbard må framleis vere eit levedyktig samfunn, der norsk suverenitet blir sikra. Føresetnaden for dette er at det blir lagt til rette for næringsverksemd og ein betydeleg andel norske statsborgarar på Svalbard.

## Mat- og drikkevarerindustrien

Mat- og drikkevarerindustrien er ei av dei største industriegnene i Noreg med over 49 000 tilsette. LO vil arbeide for ein politikk som aukar norsk matproduksjon basert på norske ressursar, og som aukar sjølvforsyningsgraden. For å nå desse måla må ein ha eit solid og velfungerande importvern. Handlingsrommet som ligg i internasjonale avtalar, må kunne brukast for å nå desse måla. Vidare må ulike ordningar som RÅK, som utjamnar forskjellen i råvareprisen i Noreg og utlandet, haldast ved like for å gjere det mogleg å konkurrere på lik linje med utanlandske matindustri.

## **Matkjedemakt**

I Noreg er det tre daglegvarekjeder som styrer heile marknaden. Behovet for å innføre ei «lov om god handelsskikk», som var på høyring i 2013, er blitt ytterlegare forsterka. LO krev at lov om god handelsskikk blir vedteken straks, og at ho omfattar logistikk og distribusjon i tillegg til eit eige handelstilsyn som har sanksjonsmoglegheiter.

## **Fiskeri- og havbruksnæringa**

Noreg har marine ressursar og areal som gjer oss til ein av dei største sjømatnasjonane i verda, både i volum og verdi. Fiskeri- og havbruksnæringa er derfor ein av Noregs viktigaste eksportnæringar. Norsk fiskeripolitikk er basert på berekraftig uttak og produksjon. Næringa bidreg til å sikre busetjing og aktivitet langs kysten gjennom ein spreidd og variert fiskeflåte, og ved at fisken blir ført i land og vidareforedla. Fiskeriressursane tilhører fellesskapet i Noreg og må forvaltas berekraftig og langsiktig, og i tråd med fiskerilovgivinga sikre at fiskeria kjem fellesskapet og framtidige generasjonar til gode, også i form av aktivitet og verdiskaping i kystsamfunna.

Fiskeripolitikken må også sikre auka foredling og dermed auka verdiskaping. Dette gjeld både for kvitfisknæringa og for havbruk. Det må utformast ein næringspolitikk som styrker fiskeindustrien. Dei siste 25 åra er norske fiskerirettar samla på større og større bedrifter. Denne utviklinga bør stoppast og evaluerast.

Eit av tiltaka er å bidra til at næringa blir tilført råstoff heile året i riktig mengd av god kvalitet. Tiltak som bidreg til dette, er mellom anna meir levandelagring, meir fleksibelt kvotesystem, endring av kvoteåret og bonusordningar som fører til levering av råstoff fordelt over året. Meir av fisken må brukast i produksjon, og ny bruk av restråstoffet blir ei viktig oppgåve for forskingsinstitusjonane.

Det bør innførast ressursrente i havbruk og fiskeria. Korleis den skal utformast, bør utgreiast nærmare.

Havbruksnæringa er ei næring med vekstpotensial, men ein føresetnad for det er at ein i samarbeid med styresmaktene løyser utfordringane med lus, fôr og rømming. Teknologisk utvikling og innovasjon vil bidra til at næringa kan utvikle nye merdar som kan løyse desse problema. Innføring av rullerande biomasse i oppdrettsanlegg kan bidra til ein jamnare tilførsel av råstoff til industrien for å sikre heilårig sysselsetjing.

Styresmaktene må på ny innføre ei forskrift som stiller krav til oppdrettsselskapa om blant anna foredling, FoU og trainee- og lærlingplassar.

## **IKT-bransjen**

IKT-bransjen er utsett for sterk internasjonal konkurranse. LO er bekymra for at fleire og fleire verksemder, også offentlege, vel å setje bort utvikling og drift av IKT-system til utlandet. Store oppdrag som er viktige for å utvikle ein sterk nasjonal IKT-industri, forsvinn ut av landet. Særleg offentlege verksemder må ta eit større ansvar for å utvikle og halde ved like nasjonale kompetansemiljø innanfor IKT-området. Dette er både viktig næringspolitisk og viktig for å sikre beredskap og kontroll på sentral infrastruktur. Offentlege verksemder må derfor bidra til å utvikle sterke og levedyktige IKT-miljø, både gjennom å utføre oppgåve i eigen regi og gjennom ein bevisst kontraktspolitikk.

## **Stadutvikling**

Reiseliv, handel, service og kulturnæringer er næringar som er avgjerande for omdømmet, trivselen og sysselsetjinga på ein stad. Dette er næringar som også er med på å tiltrekke seg anna

næringsliv. Det må jobbast både næringspolitisk og samfunnspolitisk med desse næringane som gir store ringverknader utover sitt virke, og som bidreg til lønnsame og levande lokalsamfunn. Gjennom tillitsvalde og alliansebygging med næringsaktørar vil LO jobbe for aktiv stadutvikling med vekt på reiseliv, handel, service og kulturnæringar for å skape levande lokalsamfunn og regional utvikling. Kommunane må få moglegheit til å innføre lokalt forankra fellesgodefinansiering, for å styrkje satsinga på turist- og reiselivsformål.

### **Landbruk og matproduksjon**

Ein berekraftig matproduksjon skal sikre beredskap, matsikkerheit og ernæring for alle, utan å redusere moglegheita for komande generasjonar til det same. Derfor er norsk landbruk viktig i seg sjølv, men også som starten på ei lang verdikjede innanfor produksjon av mat og drikke. Matindustrien i framtida får auka automatiseringssgrad, noko som krev stadig høgare kompetanse. Det må derfor satsast på ein høgare andel fagarbeidrarar og vidareutvikling av utdanningsløpa for matindustrien. Importvern er eit sentralt fundament for ein sterk norsk mat- og drikkevareindustri. Konkurranseevna til norsk matindustri må sikrast gjennom eit velfungerande og føreseieleg importvern på dei områda landbrukspolitikken famnar om. At politikk og verkemiddelapparat tryggjar eit aktivt landbruk over heile landet, er viktig både for næringsmiddelindustrien og fleire andre sektorar.

### **Skog og tre**

Den skogbaserte verdikjeda kan understøtte utviklinga av ein berekraftig industri. Arbeidet frå skog22-utvalet må følgjast opp med tiltak for næringa som bidreg til auka verdiskaping og sysselsetjing. Skog- og trenæringa bør gjerast til eit nasjonalt strategisk satsingsområde. Målet må vere å utnytte dei moglegheitene næringa har for å bidra til auka verdiskaping og reduserte klimagassutslepp. For å lykkast må næringa vidareutviklast gjennom langsiktig samspel mellom aktørar i næringa, forskingsinstitusjonar, styresmakter og andre sterke næringar i Noreg.

# Tariffpolitisk fråsegn

Hovudmålet for LOs tariffpolitikk er å sikre at dei tilsette får sin del av verdiskapinga i form av kjøpekraft og sosiale forbetringar, og å gi dette ein god fordelingsprofil. Fundamentet for ein god tariffpolitikk er høg organisasjonsgrad, landsomfattande tariffavtalar, samordna lønnsdanning, ansvarlege inntektsoppgjer, heilskapleg inntektspolitikk, klare målsetjingar om inntektsutjamning og inntektspolitisk samarbeid. Gjennom trepartssamarbeidet bidreg styresmaktene med ulike tiltak, blant anna ved gjennomføringa av tariffoppgjera. Dette har sikra oss ein konkurransedyktig økonomi og berekraftig lønnsvekst. Men også andre spørsmål er blitt løyste gjennom avtalar mellom partane og staten: pensjon, kompetanse, sysselsetjing og arbeidstidsbestemmingar er nokre av dei.

Formålet med frontfagsmodellen er å sikre ein lønnsvekst som reflekterer lønnsevna i konkurranseutsett næringsliv, og at lønnsutviklinga på andre område over tid følgjer denne utviklinga. I tillegg bidreg frontfagsmodellen til å koordinere forhandlingar slik at vi kan sikre at rettar kan takast inn i alle avtalar. Profilen må kunne tilpassast ulike utfordringar som dei ulike tariffområda har. For å vere berekraftig må profilen også bidra til ei rimeleg fordeling. Det er etablert som prinsipp at både arbeidarar og funksjonærar inngår i berekningane for lønnsveksten i frontfaget.

Økonomisk styring gjennom frontfagsmodellen er viktig for å sikre sysselsetjing og langsiktig økonomisk berekraft. Frontfaget skal gi ramme for lønnsutvikling for heile arbeidslivet i tråd med det konkurranseutsette næringar kan bere, men skal ikkje vere til hinder for at det kan givast kompensasjon til grupper som systematisk over tid er blitt hengande etter. For å redusere ulikheit er det avgjerande at ein er spesielt merksam på låglønte, og særleg er det viktig i ei tid der forskjellane aukar.

For LO er det viktig å ha ein tariffpolitikk som sikrar ei rettferdig lønn i samsvar med arbeidsoppgåver, utdanning og kompetanse. Dette krev openheit om lønns- og arbeidsvilkår og at dei tillitsvalde skal ha tilgang til lønnsopplysningar og relevant statistikk for alle tilsette.

Kvinner har gjennomgåande lågare lønn enn menn; kvinnedominerte yrke blir lønte lågare enn mannsdominerte yrke med tilsvarende utdanningslengd. Det er framleis relativt fleire kvinner enn menn som er låglønte, og lønnsforskjellen mellom dei lågast lønte og resten av arbeidslivet aukar. Dette krev særskilde tiltak og verkemiddel. Det er viktig med ein treffsikker likelønnsprofil på sentralt og lokalt avtala tillegg. Dette må understøttast av strukturelle tiltak mot kjønnsdelinga og for meir likestilling blant anna gjennom trepartssamarbeid. I tillegg vil LO jobbe for ei betring av garantiordningar, vurdere ekstra tillegg/avsetningar til kvinnedominerte område og sikre at lov- og avtaleverk er utforma slik at det fremmar likelønn. For enkelte grupper med høgare utdanning er det viktig at lønnsforskjellane mellom privat og offentleg sektor blir reduserte.

Utviklinga dei siste åra tilseier at vi må forsterke rettane til dei tillitsvalde og innverknaden av avtalane på faglege rettar og lønns- og arbeidsvilkår. Berre slik kan vi sikre ein solidarisk lønns- og fordelingspolitikk. LO vil sjå på moglegheta for å etablere nokre prøveordningar knytte til enkeltbedrifter der ein etablerer ein felles forhandlingsorganisasjon som forhandlar om forhold av felles interesse.

Arbeidslivskriminalitet, der sosial dumping, svart økonomi og kriminelle handlingar går hand i hand, utgjer ein stor trussel mot velferdssamfunnet vårt og den norske modellen. LO vil fortsetje arbeidet for å stoppe denne utviklinga gjennom eit reelt trepartssamarbeid og ei brei strategisk satsing.

Offentleg sektor som innkjøpar er ein sterk samfunnsaktør og har eit ansvar og ei plikt til å bruke si marknadsmakt til det beste for samfunnet. Offentlege anskaffingar må gjennomførast på ein slik måte at det fremmar eit seriøst arbeidsliv, skaper tillit i folket til forvaltninga av ressursane i samfunnet og bidreg til ein sunn konkurranse, fri for kriminalitet og sosial dumping, og dessutan at det fremmar norsk næringsliv. LO vil derfor jobbe for eit regelverk som pålegg offentlege innkjøparar å gjennomføre

nødvendige tiltak for å motverke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet i eigne anskaffingar.

Offentleg sektor har blant anna som ansvar å levere tenester av høg kvalitet til befolkninga. Det føreset godt partsamarbeid, høg organisasjonsgrad og godt arbeidsmiljø også innanfor offentleg sektor. Kommersialiseringa av offentlege velferdstenester bidreg til at lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår blir sett under press, i tillegg til at bruken av innleige, mellombels tilsetjingar og enkeltmannsføretak aukar, også innanfor velferdstenestene.

Det er ein føresetnad at norske lønns- og arbeidsvilkår skal leggjast til grunn for alt arbeid som blir utført i Noreg. Allmenngjeringsinstituttet spelar ei viktig rolle ved å motverke at norske lønns- og arbeidsvilkår blir undergravne i ein del bransjar. LO ønskjer ei forbetring av lov om allmenngjering av tariffavtalar, slik at det blir både enklare og raskare å få på plass vedtak om allmenngjering, og at vedtaka må gjelde for lengre tid.

Også i luftfarten, norsk sokkel og i norsk territorialfarvatn registrerer vi undergraving av nasjonale standardar for lønns- og arbeidsvilkår. LO er derfor motstandar av at det blir innført reglar som svekkjer nasjonal kontroll med samfunnskritiske område, for eksempel felleseuropéisk regelverk for offshore helikopteroperasjonar.

Tariffhopping – der bedriftene byter hovudorganisasjon – er ofte motivert av eit ønske om ein billigare tariffavtale, noko som medfører dårlegare lønns- og arbeidsvilkår for medlemmene våre. Dette er spesielt problematisk knytt til pensjonsordningar ved privatisering og konkurranseutsetjing av offentleg finansierte tenester. Det er derfor viktig at LO og forbunda held fram med arbeidet for ei harmonisering av føresegndene i tariffavtalane om lønns- og arbeidsvilkår og pensjonsnivå, for å motverke slik tariffhopping. Vidareføring av gode pensjonsordningar og tariffesta rettar er også ei utfordring i samband med verksemどsoverdraging. LO ser behovet for å styrkje dagens lovverk slik at pensjon blir ein del av dei avtalane som blir vidareførte ved verksemどsoverdraging.

For å styrkje det organiserte arbeidslivet må arbeidsmiljølova endrast slik at det må stillast krav om landsdekkjande tariffavtale for å inngå avtalar ut over hovudreglane i lova.

Lause tilknytingsformer, mellombels tilsetjingar og nulltimarskontraktar gir rom for utnytting av arbeidstakarane. Det utfordrar den norske arbeidslivsmodellen og gir ei arbeidsorganisering som fremmar konkurranse på lønnsvilkår framfor produktivitet og kvalitet. Arbeidsmiljølova gir tilgang til to former for tilsetjing, fast eller mellombels, der fast tilsetjing skal vere hovudregelen. LO ser ei alvorleg utvikling, spesielt i bemanningsbransjen, der innhaldet i fast tilsetjing blir undergrave. Minimumskrav må vere ein bestemt stillingsprosent med ein arbeidsplan som også gir ei føreseieleg arbeidstid per veke/månad, og desse arbeidsvilkåra må gå fram av arbeidsavtalet og dermed utgjere grunnlaget for lønns- og arbeidsplikt.

Innleige av arbeidskraft frå bemanningsføretak er i enkelte bransjar i ferd med å utkonkurrere faste tilsetjingar, satsing på opplæring og lærlingar. Organisasjonsgraden blir svekt og dermed verdien av tariffavtalane. Innleigde har også eit meir belastande arbeidsmiljø med auka risiko for skadar og ulykker. Spesielt er byggje- og anleggsbransjen utsett, og ein stor del av den innleigde arbeidskrafta består av uorganiserte utanlandske arbeidstakarar. Også i samfunnskritisk infrastruktur, som i luftfarten, truar atypiske tilsetjingsforhold sikkerheita.

Etter § 14-12 (2) i arbeidsmiljølova kan arbeidsgivar og tillitsvalde i ei tariffbunden verksemど avtale tidsavgrensa innleige utover hovudregelen i arbeidsmiljølova § 14-12 (1). LO vil jobbe for at denne moglegheta i avtalet blir løfta til landsomfattande tariffavtale slik at avtalepartane kan finne berekraftige løysingar som er tilpassa kvar enkelte bransje. LO skal jobbe for at handlingsrommet i EØS-avtalet og direktivet blir brukt for at arbeidsmiljølova § 14-12 (5) blir brukt av departementet for å forby innleige av visse arbeidstakargrupper eller innanfor visse bransjar når viktige samfunnsomsyn tilseier det. LO meiner at kampen mot lausarbeidarsamfunnet er avgjande for å hindre at den norske arbeidslivsmodellen forvirrar.

# Pensjonspolitisk vedtak

1. Kva pensjonen betyr for arbeidstakarane
2. LO og pensjonsreforma
3. Verknader av pensjonsreforma
4. Utfordringar ved dei ulike ordningane
5. Utsiktene framover
6. LOs mål

## 1. Kva pensjonen betyr for arbeidstakarane

Om ein inkluderer pensjonen i arbeidstakarens fulle livsinntekt, kan han fort tilsvare 20–30 prosent av totalen. Når pensjonen blir betalt og opptent som ein bestemt prosent av lønna, blir det samtidig rimeleg å sjå lønn og pensjon i samanheng.

Oppteninga av pensjonskapital eller -rettar kan føregå i heile livsløpet i aldersperioden 13–75 år. Dei fleste er i mange arbeidsforhold gjennom yrkeslivet på vegen mot uttak av pensjon. Dersom pensjonen blir svekt ved jobbskifte, blir både tryggheten for kvar enkelt og flyten i arbeidsmarknaden ramma.

Den store betydninga pensjon har for arbeidstakarane, tilseier ein politikk som både sikrar tilstrekkelege oppteningsmoglegheiter i dei ulike pensjonsordningane, men som også gir arbeidstakaren mest mogleg igjen for pengane den dagen utbetalingane skal kome frå dei ulike arbeidsforholda og dei ulike pensjonsleverandørane.

## 2. LO og pensjonsreforma

Pensjonssystemet med basis i folketrygda skal vere ein berebjelke i velferdsstaten. LO har hatt som mål, vedteke av kongressen 2013, at folketrygda, AFP og tenestepensjonsordningane saman skal sikre det økonomiske grunnlaget for ein trygg og verdig alderdom for alle. Dette er (i utkastet til handlingsprogram) definert som at ein samla pensjon ved 67-årsalderen minst skal vere 66 prosent av tidlegare lønn.

Tilpassinga av AFP-ordninga til ny folketrygd frå 2011 var den store saka for LO-medlemmene ved tariffoppgjeret i 2008. Alderspensjonen i folketrygda og AFP i privat sektor vart knytte saman i tid. Begge kan takast ut frå 62-årsalderen. Det vart større mogleghet for å kombinere arbeid og pensjon, og ordninga vart styrkt fram til 2015, særleg for dei som kunne utnytte moglegheten til å arbeide lenger. Det har gitt positive utslag i sysselsetjinga for eldre

AFP-løysinga LO oppnådde i 2008 for privat sektor, innebar ei mjukare iverksetjing av levealdersjusteringa for både folketrygda og AFP-påslaget enn det ein mekanisk bruk av det vedtekne prinsippet skulle tilseie. Verknaden vart kompensert fullt ut for årskulla som var fødde før 1954. Kompensasjonen blir no fasa gradvis ut, påbegynt i 2015 for årskull fødde i 1954.

AFP er ei ordning for det organiserte arbeidslivet og i hovudsak finansiert av partane gjennom lønnsoppgjera. I privat sektors ordning må ein vere tilsett og reell arbeidstakar når ein tek ut AFP. Det var eit krav det var rimeleg å stille ved innføringa av ordninga: Ho var innretta med tanke på «slitarane» som ikkje hadde noko verdig pensjoneringsstilbod før ved 67 år.

Når det gjeld pensjonar for dei offentleg tilsette, var arbeidstakarsida innstilt på å forhandle om ny modell og overgangsordningar i 2016, men regjeringa trekte seg fordi ho ikkje ville forhandle om løysinga i tariffoppgjeret.

Dagens bruttoordning har utfordringar på lengre sikt. Blant anna må ein ha lengre yrkesdeltaking enn i privat sektor for å kompensere for levealdersjusteringa. Arbeidet med å greie ut

forslag til ein ny offentleg tenestepensjon har kome eit godt stykke på veg innanfor rammene av ein påslagsmodell, sjølv om det står att problemstillingar som krev vidare utgreiing og avklaring. Det er eit grunnlag for å finne løysingar, men det må sjølvsagt skje på basis av semje mellom partane i offentleg sektor, slik det tradisjonelt har vore løyst og avtala.

Prinsippet for levealdersjusteringa i folketrygda vart vedteke av Stortinget for å avgrense ein framtidig utgiftsauke. Prinsippet går ut på at auka levealder (for gjennomsnittet i befolkninga) skal slå ut anten i seinare pensjonsuttak eller i redusert pensjon. For staten skal dette innebere at utgiftene vil bli dei same, anten levealderen aukar eller ikkje.

Ved reforma fekk LO gjennomslag for at det skulle etablerast eit arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet. Gjennom dette rådet har styresmakter og partar følgt utviklinga på området. Dette gir no grunnlaget for å vurdere pensjonssystemet med dei utsikter som no viser seg. Partane skal avslutte eit evalueringars arbeid for AFP no i 2017.

#### **Litt om utviklinga av AFP i privat sektor**

Arbeidet med evalueringa av AFP er no starta, og vurderingane nedanfor er bygde på kunnskapen som har kome fram så langt.

Det er no (2016) nesten 60 000 medlemmer som har teke ut AFP i privat sektor, og talet aukar med om lag 10 000 i året. Kvart år er det omtrent dobbelt så mange, 20 000, som oppnår retten til AFP. Talet kjem derfor til å auke i mange år framover. Litt over 50 prosent av arbeidstakarane i privat sektor får AFP (alle som jobbar i ei AFP-bedrift og kvalifiserer for uttak, berekna på uttakstidspunktet). Utbreiinga er størst i utvinning og industrien og i store bedrifter, med om lag 80 prosent oppslutning.

Førebelts undersøkingar viser at om lag 18–20 prosent fell utanfor på grunn av at anten kvar enkelt eller bedrifta fell utanfor avtaledekt område i løpet av kvalifiseringsperioden på ni år. Dette betyr at heile retten blir tapt, og at retten til tidleg uttak av folketrygd også kan gå tapt.

Omlegginga frå 2011 som gav høve til å ta ut AFP utan avkorting mot arbeid, har ført til at langt fleire enn før tek ut AFP, og dei fleste gjer det i løpet av det første året, sjølv om dei kan vente. Tidleguttak er særleg populært blant menn. Dei som held fram med å jobbe, får både lønn og høgare ytingar som følge av dette.

#### **Talet på «slitarar»**

Omsynet til dei som måtte pensjonerast ved 62-årsalderen, stod sentralt i debatten om pensjonsreforma. Det var desse den gamle AFP-ordninga særleg var utvikla for.

Den sentrale indikatoren for «slitarutfordringa» ved evalueringa er såleis tilpassinga for 62-åringen. Her har ein samanliknbare tal for høvesvis 1943- og 1949-årgangen. Dei viser ein nedgang frå 31 til 13 prosent andel som hadde teke ut AFP utan å jobbe i løpet av det året dei fylte 62. Tidlegpensionering (uttak og samtidig jobbslutt) i denne forstanden synest altså meir enn halvert etter reforma.

NAV finn ikkje at næringar med pårekna tungt fysisk arbeid peikar seg ut ved at spesielt mange AFP-mottakarar sluttar i arbeid. Det er mange som tek ut AFP tidleg i industrien og innanfor bygg- og anleggsvirksemid, men det er samtidig relativt få som sluttar i arbeid. Truleg på grunn av arbeidsmarknadssituasjonen i mediebransjen og finansnæringa har desse derimot peika seg ut som næringar der spesielt mange blir tidlegpensionerte (kombinerer tidleg AFP-uttak med avgang frå arbeidslivet).

I finansnæringa var det over dobbelt så mange som slutta å jobbe det året dei fylte 63, som i bygg og anlegg, varehandel og transport, med industrien midt imellom. Det tyder på at uttak av AFP som ledd i avgang frå arbeidslivet skjer særleg hyppig i næringar som er prega av omstilling og nedbemannning.

### **Kor stor utsetjing?**

For å få eit bilde av åtferd som er representativ for den gjennomsnittlege AFP-ar, er det utvikla ein indikator som vi kan kalle midtre avgangsalder for arbeidsføre. Dei som går over til alderspensjon som uføre, er då trekte ut, slik at vi får eit bilde av når oppteninga blir avslutta og utbetalinga av pensjon begynner, gitt at ein startar uttaket samtidig som ein sluttar å jobbe.

Midtre avgangsalder målt på denne måten i *gammal* AFP (inntil 1947) var om lag 64 år.

Ny AFP gav 1949-årgangen moglegheit for å ta ut AFP utan å slutte i jobb. Det har ført til utsett avgang for den «midtre personen» med nesten to år samanlikna med åtferda to årganger før. Først ved fylte 65,7 år har altså halvparten slutta i 1949-årgangen. 23 prosent har arbeid etter fylte 67 år.

### **3. Verknader av pensjonsreforma**

Pensjonsreforma har verka etter hovudformålet: Ho har stimulert sterkeare til å jobbe lenger enn pensjonsordningane gjorde før 2011. Det har medverka til å tryggje berekrafta i folketrygda som det dominerande elementet for arbeidstakarars pensjonar. Det har også vidareført eit finansierings- og oppteningssystem med sterkt utjamningsverknad mellom høge og låge årslønningar og mellom kvinner og menn.

Men reforma har ført til at ulikhetene i pensjon vil vekse fordi moglegheita til lange yrkeskarriera varierer med yrkesløp, helsa til kvar enkelt og ikkje minst situasjonen i arbeidsmarknaden. Betydninga av lang yrkeskarriere blir gradvis styrkt gjennom alleårsregelen fram til 1963-årgangen. Premierunga av seint pensjonsuttak er endå sterkeare og kjem raskare.

Det viktigaste utslaget er at pensjonsnivået (pensjon i forhold til tidlegare lønn ved fast avgangsalder) årleg blir nedjustert med aukande levealder i befolkninga (levealdersjusteringa). Særleg dei som ikkje kan forlengje yrkesløpet, har dermed utsikt til å få ei pensjonsdekning som ikkje kan forsvarast i eit solidarisk samfunn. Desse er blitt klart færre enn tidlegere, men oljenedturen har vist at fleire blir utsette i nedgangstider og når nedbemannningar rammar. Regjeringa innførte nyleg også full levealdersjustering på alderspensjonen til uføretrygda, slik at dei i framtida ikkje får nokon kompensasjon for kravet om stadig lengre yrkesdeltaking.

Utviklinga er illustrert ved eit standard forenkla reknestykke for endringa i pensjonsnivå det neste tiåret. Det illustrerer at Folketrygd (FT) og AFP fell i størrelsesorden 15–20 prosent i løpet av ein tiårsperiode i forhold til dagens nivå på ca. 250 000<sup>1</sup>. For uttak ved 63 år er nedgangen ca. 15 000 kroner mindre.

Ein annan måte å seie det på er at ein i tabellen bereknar verknaden av levealdersjusteringa (LAJ) frå 2015 etter overgangsordninga for årskulla fram til 1953. Denne får no gradvis fullt gjennomslag fram til 1963-årgangen.

Tala viser også at ny tenestepensjon på minstenivå (OTP) berre i liten grad motverkar FT/AFP-nedgangen på ca. 50 000 når vi ser på samla pensjon. Det har to grunnar:

- at minsteordninga er beskjeden
- at det tek tid (30–40 år) å tene opp i ei fondert ordning

Her har vi rekna om minsteordninga til livsvarig pensjon (som aukar til ca. 9 000 kr). I praksis blir han normalt teken ut i årsbeløp som tilsvarer 20 000 (ein femdel av G), dvs. i fire år for 1953-årgangen og i åtte–ni år for 1963-årgangen.

Om ein skulle få fullt gjennomslag for krava ved 2016-oppgjeret (opptening på all lønn frå første dag), vil heller ikkje det bidra med meir enn ca. 500 kr i årleg pensjon, veksande for eksempel til det tredoble i 2035.

<sup>1</sup> Vi samanliknar nivå for høvesvis 1953- og 1963-årgangen i lønnsjustert kroneverdi.

### ***Endring i pensjon før skatt ved uttak 62 år fra 2015 til 2025***

Grov rekneksempel for industriarbeidarlønn. Faste lønnskroner 450 000 i 2015

Totalt	kr -50 000
FT	-41 000
AFP	-13 000
OTP (påbegynt i 2006*) Livsvarig	+4 000
I praksis yting på 20 000 som aukar frå fire til åtte års varighet i 2025	

40 år opptening. Forskjell på nivå etter reglar i høvesvis 2014 og 2025 (høvesvis årgang 1953 og 1963)

\* Ordninga med 2 prosent innskot og avkastning lik lønnsvekst

Nivået på pensjonen i dette berekningseksempelet ligg på dryge 200 000 (2015-lønnskroner). Dei som ikkje har reell moglegheit til å forlengje yrkesløpet etter 62 år, kan framleis bli ei betydeleg gruppe. I tillegg til dei som avsluttar ved 62 år, har vi ei betydeleg gruppe uføretrygda som også er omfatta fullt ut av levealdersjusteringa, og som vil hamne godt under 200 000 sjølv om dei lenge jobba i ei AFP-bedrift.

For dei som tek ut pensjon seinare enn ved 62 år, blir nedgangen i pensjon klart mindre.

### ***Endring i pensjon før skatt 2015–2025 (forskjell høvesvis 1953- og 1963-årgang)***

62 år	-50 000
63 år	-36 000
–	
65 år	-8 000
–	
67 år	+28 000

Med desse tala må ein utsetje uttaket med rundt tre år for å vege opp verknaden av auka levealder mellom 2011 og 2025. For uttak ved 66 eller 67 år blir nivået høgare i 2025 enn i 2015.

Ved vurdering av pensjonsnivået målt mot lønn som yrkesaktiv bør det takast omsyn til at skatt på pensjon er lågare enn på lønn. Det betyr at pensjonsnivået etter skatt (som bidreg til den disponibele inntekta) er ca. 10 prosent høgare som andel av lønn etter skatt. Viss nivået før skatt er 54 prosent i 2015, blir det heva til ca. 65 prosent rekna etter skatt. Forskjellen i pensjonsdekning rekna høvesvis før og etter skatt er mindre for høgare pensjonar.

Talet på deltidsarbeidande har over tid gått ned i norsk arbeidsliv, men framleis er det mange arbeidstakrar – hovudsakleg kvinner – som ikkje får høve til å arbeide heiltid. Deltidsarbeid svekkjer moglegheitene for kvar enkelt til å forsørge seg sjølv, både som yrkesaktiv og som pensjonist.

Problemet med tap av retten til tidleguttak som følgje av deltidsarbeid har blitt noko redusert. Terskelen har likevel blitt heva i det siste som følgje av at stortingsfleirtalet justerte minstepensjonen. Deltid er ei særleg utfordring i tenestepensjonane, mens sjølvे oppteninga er sikra betre i både AFP og folketrygd.

#### 4. Kort om utfordringar ved dei ulike ordningane

Pensjonen vil for dei fleste bestå av ein kombinasjon av:

- alderspensjonen i folketrygda
- tenestepensjonar ein har hatt gjennom ulike arbeidsforhold
- AFP

Figuren viser det typiske bildet av pensjon etter eit langt arbeidsliv i privat sektor og slik det har vore føreslått også for offentleg sektor. Alderspensjonen frå folketrygda er den som betyr mest for folk med normale lønnsinntekter. Dei fleste har bidrag frå fleire av systema, nokre berre frå folketrygda.



For kvar enkelt er det viktigaste kva den samla pensjon blir, og at han er mest mogleg oversiktleg og føreseileg. LOs mål for pensjonsnivå er knytt til summen av dei tre til saman. Men vi må også legge vekt på utfordringar ved kvar enkelt ordning. Med den store reforma av folketrygda, tilpassinga av AFP og eit svekt, oppstykt og meir ustabilt system for tenestepensjon har det blitt vanskelegare for kvar enkelt å forstå den framtidige pensjonen dei skal få. Det betyr ekstra usikkerheit når det gjeld avgjerder om sparing og planlegging av yrkes- og livsløp. Dette problemet blir forsterka ei tid framover på grunn av alle overgangsordningane.

##### a) Alderspensjon i folketrygda (FT)

I tillegg til den økonomiske betydning har folketrygda den store fordelen samanlikna med andre pensjonsordningar at:

- jobbyte er heilt utan problem
- all arbeidsinntekt (under 7,1 G) er pensjonsgivande, uavhengig av arbeidstid og type arbeidsforhold

Stortinget vedtok i fleire omgangar ei reform med utgangspunkt i nivået i den gamle ordninga, tilsvarannde rundt 50 prosent av tidlegare lønn for full opptening på ei industriarbeidarlønn.

Samtidig vart alder for pensjonsuttak strekt ut til heile alderspennet 62–75 år. Prinsippa inneber sterkt premiering av lang yrkeskarriere og endå meir: sein uttaksalder. Samtidig kan pensjon og lønn kombinerast uavhengig av kvarandre.

Denne innretninga aktualiserer særleg to problemstillingar:

- Pensjonsnivået når levealderen aukar
- Fordelinga mellom ulike yrkesgrupper, jf. pkt. 2 og 3

Det dominante elementet i avgrensinga i utgiftsveksten er at auka levealder (for gjennomsnittet i befolkninga) skal slå ut anten i seinare pensjonsuttak eller i redusert pensjon. For staten skal dette innebere at pensjonsutgiftene vil bli dei same anten levealderen aukar eller ikkje. Og gjennom auka sysselsetjing, som reforma stimulerer til, vil statsfinansane bli sterkare også ved at skatteinntektene aukar.

Hovudproblemet er at levealdersutviklinga er blitt mykje sterkare enn venta ved starten av reformarbeidet, og at sysselsetjingssituasjonen er blitt vanskelegare som følgje av finanskrisen, oljenedtur og den auka låglønnskonkuransen frå utlandet. Dette fører til at pensjonane blir lågare, og at statsfinansane blir dårlegare enn venta. Ulikheiter i levealdersauke må studerast nøye ved evalueringa.

Pensjonsforliket førte til at alderspensionane skulle regulerast slik at pensionistane får halvparten av reallønnsveksten. Reguleringsmekanismen har ført til at pensionistane i dei seinare åra har fått ei lågare regulering. LO støttar derfor kravet om at drøftingsretten i pensjonsoppgjera må styrkast.

#### *b) Det som er avtalefesta: AFP*

AFP-ordninga i privat sektor er bygd opp nær folketrygda og har dei same gode eigenskapane knytte til administrativ effektivitet, at all arbeidsinntekt tel og er uproblematisk ved jobbyte, så lenge det skjer innanfor avtaledekt privat sektor.

Ho har likevel meir kortsiktige problem som må løysast. Ein betydeleg del av arbeidstakarane går glipp av dette vesentlege pensjonselementet om dei er tilsette «på feil stad» ved 62-årsalderen. Om dei ikkje er i ei AFP-dekt bedrift i dei tre siste åra før uttak, hjelper det ikkje at det er betalt AFP-premie i mange år viss:

- dei er blitt uføre
- dei har mista jobben i ei bedrift med tariffavtale på slutten av yrkeskarrieren sin
- dei har skifta til jobb i offentleg sektor eller anna verksemد utan privat AFP

AFP-ordninga bidreg til at fleire kvalifiserer for tidleguttak. Eit regelverk for kvalifisering som stiller krav til at ein jobbar i ei AFP-bedrift på slutten av karrieren, bidreg til å finansiere ordninga og førebyggjer gratispassasjerverksemد, men medfører også risiko for at ein fell utanfor ordninga av grunnar som kvar enkelt vanskeleg kan kontrollere, som at bedrifta omstiller og omorganiserer, eller at enkelpersonar mistar jobben i ei AFP-bedrift.

#### *c) Tenestepensionane*

Pensjon er utsett lønn, og derfor må arbeidstakarorganisasjonane krevje innverknad over pensjonsordningane. Tenestepensjon er eit viktig supplement til folketrygd og AFP. Saman med FT og AFP er det desse som skal utgjere 66 prosent.

Dagens organisering av tenestepensionar er best eigna for personar som jobbar i same bedrift heile yrkeslivet, og der bedrifta har eit langt liv hos same pensjonsleverandør. Systemet for tenestepensjon er oppstykkja, unødig komplisert og dyrt, og dårleg tilpassa eit moderne arbeidsliv. Verken samfunnet, bedrifter eller arbeidstakrar er tente med eit system der jobbskifte straffar seg.

#### *Utbreiing*

I dag er det berre om lag 10 prosent av arbeidstakarane i privat sektor som framleis tener opp tradisjonelle yttingsordningar. Om lag 90 prosent tener no opp innskotspensionar. Men framleis er det om lag like store premiar/innskot (snautt 25 mrd.) til begge typar ordningar. Når det gjeld utbetalingar, er yttingspensionar framleis heilt dominerande. I 2015 vart det utbetalte pensjonar på til saman 18 mrd., mens det framleis er under 1 mrd. som blir utbetalte frå innskotsordningar. Desse vart først oppretta frå 2001, og for alvor etter at lov om obligatorisk tenestepensjon, OTP-lova, trødde i kraft frå 2006. Ordningar etter hybridlova er framleis få, men aukar raskt. I mange år framover blir det framleis utbetalingar frå yttingsordningar og fripolisar som dominerer bildet og folks pensjonsuttak. To tredelar av pensjonskapitalen er no fripolisar.

#### *Organisering*

Utgangspunktet for tenestepensionsordningane har vore skattefritakslover under Finansdepartementet, organiserte på kvar enkelte bedrift. Dette var tilpassa eit arbeidsliv i ei og same bedrift, og passar dårleg på moderne arbeidsliv fordi oppteninga blir avslutta når kvar enkelt skiftar jobb. Det fører til oppstykking og avbroten opptening.

Dagens tenestepensjonar kjem i aukande grad frå fripolisar, som det ikkje blir betalt inn pengar til for å sikre realverdien. Dei fell reelt i verdi. Ingen vil ta imot eller forvalte fripolisar, dei er forlatne og svikta av marknaden.

Kundane risikerer no ikkje berre at desse blir reduserte i realverdi for kvart år, men i tillegg at dei kan miste delar av rettane gjennom avvikling og insolvens.

Pensjonskassane har handtert den krevjande situasjonen langt betre. Desse er partsstyrte institusjonar som tek omsyn til alle partar. Den gode forvaltninga deira blir no trua av unødig streng regulering som kan gå på kostnad av framtidige ytingar. LO har kravd at styresmaktene no tek eit ansvar for å rette opp svikten, og at dei i samråd med partane greier ut om det er mogleg å redde pensjonskapitalen og sikre kjøpekraft for dei gjeldande pensjonane.

I framtida kjem innskotsbaserte pensjonar til å overta. Desse skulle sikre verdien utan tap gjennom skifte av arbeidsgivar, men har ikkje levd opp til dette.

Arbeidstakarane har ingen moglegheiter for å kompensere manglande opptening som følge av lågare avkastning enn førespeglar, og dei vil få vesentleg lågare pensjon med ein normal arbeidskarriere der ein skiftar jobb mange gonger i løpet av livet.

Finansdepartementet har på oppdrag frå partane utgreidd innskotsordningane. Utgreiinga viser at dagens system med pensjonskapitalbevis medfører store tap, der kvar enkelt overtek kostnader for administrasjon og forvaltning av pensjonen. Talet på pensjonskapitalbevis aukar med 125 000 i året, langt raskare enn aktive medlemmer. Utgreiinga slår fast at systemet fordyrar for bedrifter og reduserer pensjonen for kvar enkelt. Det vil vere store gevinstar for alle i å samle pensjonskapitalen på ein enkelt pensjonskonto og forvalte han meir kollektivt.

Utgreiinga «Egen pensjonskonto og andre tilpasninger i privat tjenestepensjon» gir eit godt grunnlag for vidareutvikling av lov- og regelverket for tenestepensjon i privat sektor, og har gitt grunnlag for val av hovudmodell for ein eigen pensjonskonto. Det er påkravd å finne modellar som sikrar oppsamling av pensjonskapital (medrekning) og standardløysingar som sikrar omsyn til rasjonell forvaltning. Vidare kan det ikkje vere lovmessige hinder for at bedrifter og område som ønskjer felles pensjonsordningar, kan opprette slike. LO ber om at ein straks fremmar lovforslag ut frå dette.

## 5. Utsiktene framover

Gjennom pensjonsreforma har styresmaktene med medverknad frå partane sikra ein meir berekraftig pensjon. Folketrygda er dermed styrkt som den viktigaste brikka i alderspensjonen for norske arbeidstakarar.

Staten har hovudansvaret for pensjonssystemet, sjølv om finansieringa kan kome frå ulike kjelder. Han bestemmer bidraget frå folketrygda, han bidreg med pengar og regelverk til AFP og er lovgivar for tenestepensjonane.

Utsiktene for oljeinntekter, velferdsstatens sterkt veksande behov og norsk økonomi elles tilseier ikkje nye store utteljingar over statsbudsjettet til pensjon. Samtidig er det viktig å unngå at tilliten til offentlege pensjonsløysingar blir redusert. I ein slik samanheng er det nødvendig å finne gode løysingar som partane er samde om, og som balanserer belastninga mellom generasjonane, samtidig som vi motverkar ein stor grad av privat pensjonssparing, som er dyrt og aukar forskjellane i samfunnet.

Pensjonssystem krev eit langsiktig perspektiv på innretning, endringar og finansiering. Alle omleggingar krev overgangsordningar der nokre element kan etablerast raskare enn andre. Styrkt finansiering i ei ordning må ofte skje gradvis gjennom årvisse budsjett og tariffoppgjer. Ein må ha planar både på kort og lang sikt.

Gjennom det vedtekne pensjonssystemet er det forholdet mellom levealdersutviklinga og sysselsetjingsutviklinga som vil avgjere pensjonsnivået framover. Gjennom den vedtekne levealdersjusteringa og den forserte innfasinga det neste tiåret vil tidlegpensjonsnivået falle med rundt 50 000\* (representativt modelleksempel) fram mot 1963-årgangen, ved uendra tidspunkt for pensjonsuttag. Denne mekanismen vil også gjelde vidare framover om levealderen held fram med å stige, om enn svakare.

Sysselsetjingsutviklinga for seniorane har fram til det siste motverka om lag halvparten av levealdersauken gjennom ein stor eingongseffekt av reforma. Den positive tendensen i sysselsetjingsutviklinga er likevel svekt. Og det er stor spreiing i arbeidstakarars moglegheit og praktiske tilpassing av yrkesløpet. For den opphavlege målgruppa for AFP blir det eit betydeleg negativt utslag i pensjonsnivå, særleg fram mot 1963-årgangen. Det same gjeld det betydelege talet på reelt uføre før AFP-alderen.

Dei vedtekne oppteningsmekanismane i folketrygda gir mindre utteljing enn pårekna ved reformarbeidet. Det kjem av ein kombinasjon av sterkare levealdersutvikling enn venta, men også innsparing i den endelige utforminga av regelverket\* (overgangen til kapitalbehaldningsprinsippet). Stortingsfleirtalet har også vedteke at yrkesaktiviteten for låglønte betyr mindre, gjennom auka minsteytingar som også aukar terskelen for tidleguttak.

Det forsterkande bidraget til pensjon som skjedde gjennom ny obligatorisk minsteordning (OTP), trekkjer oppover for mange, men i liten grad målt mot justeringane i dei større ordningane. Det vil gjelde sjølv om ein også sikrar opptening for all lønn, i samsvar med krav frå fagrørsla ved hovudoppgjeren 2016. For mange andre kan bidraget frå tenestepensjonen svekkjast som følgje av omleggingar og utviklinga i marknaden for pensjonskapital.

Både AFP og tenestepensjonane har lenge vore sårbare for utslag i pensjonen til kvar enkelt som følgje av dynamikken og mangfaldet i arbeidsmarknaden. I motsetning til i folketrygda, der all opptening blir sikra for skattlagd lønn, taper ein ofte på jobbskifte, deltidskontraktar og kortvarige arbeidsforhold. Eit arbeidsliv stadig meir prega av jobbskifte, migrasjon og mangfold i jobbtilknyting og kontraktsformer forsterkar utslaga av dette.

Mens folketrygda baserer seg på innmeld arbeidsinntekt uansett varighet, tidspunkt og type lønn, er dette annleis i dei to andre ordningane som eigentleg skal dekkje det same behov. Jobbskifte betyr som regel eit større eller mindre tap av pensjon.

## 6. LOs mål

I utkastet til handlingsprogram er måla våre formulerte på følgjande måte:

«LO vil:

- arbeide for eit fellesfinansiert og fellesskapsstyrt pensjons- og trygdesystem der mottakarane har kontroll over ytting og forvaltning gjennom demokratiske organ eller tariffesting.
- arbeide for at samla pensjon ved 67 år skal gi ei inntektsdekning på minst to tredelar av lønn.»

For LO er det viktig å sikre at 2/3-målet blir oppnådd med livsvarige yttingar og kjønnsnøytrale premiar, og at dei som må avslutte tidlegare, blir sikra eit nivå minst på linje med pensjonsløysinga frå 2008. Dette må skje som eit samla resultat av ein best mogleg kombinasjon og samvirke mellom folketrygda, AFP og andre ordningar i arbeidsmarknaden.

LOs operative mål for pensjonssystemet må derfor vere ein kombinasjon av

- betre opptening i dei ulike ordningane
- eit meir heilskapleg og betre organisert kollektiv styrt system som også gir «meir pensjon for pengane»
- avtalestyerte system i samvirke med folketrygda

Det er dette som saman med dei overordna måla til fagrørsla om full sysselsetjing og eit likestilt arbeidsliv vil gi medlemmene trygge og gode pensjonar.

På kort sikt kan dei første steга på vegen for styrkt opptening og eit betre integrert system takast gjennom lovendringar i samsvar med krav frå fagrørsla overfor dei private tenestepensjonane i hovudoppgjeret 2016 og den etterfølgjande utgreiinga frå Finansdepartementet.

Mange av forbetringane innanfor tenestepensjonane vil først gi større utbetalingar på lang sikt. Ikke minst for yngre arbeidstakrar er det derfor viktig at reglane for opptening no blir forbetra vesentleg, i tråd med krav frå fagrørsla overfor dei private tenestepensjonane i hovudoppgjeret 2016.

I tillegg er det viktig at minimumsnivået som blir innbetalt innanfor OTP, blir heva. LO vil arbeide for at obligatorisk tenestepensjon blir forbetra med opptening frå første krone. Arbeidsgivar skal vere pliktig til å melde alle arbeidstakrar inn i ordninga, uavhengig av stillingsprosent og arbeidsperiode.

Samtidig må staten ta eit samla grep for å sikre at den etablerte pensjonskapitalen i form av fripolisar, pensjonskapitalbevis og faste ordningar kjem under trygg forvaltning og verdisikring. For å sikre oppslutninga om eit organisert arbeidsliv må privat sektors AFP vidareførast som ei avtalebestemt ordning. «Hola» må tettast for dei som etter ein lang yrkeskarriere uforskyldt taper rettane sine eller skifter mellom privat og offentleg sektor.

Stortinget vedtok alt i 2005 at offentlege tenestepensjonar skulle tilpassast folketrygda, utan at dette svekkjer dei offentlege tenestepensjonane, men slik at dei også er omfatta av delingstal og ny indeksering. Dette må skje gjennom forhandlingar mellom partane i offentleg sektor. Ulike framtidige modellar for tenestepensjon i offentleg sektor må samanhaldast med dagens modell, og endringar berre innførast etter forhandlingar mellom partane i offentleg sektor.

LO legg til grunn at det framleis skal vere ei felles pensjonsordning i offentleg sektor som innanfor rammene av ein påslagsmodell blir basert på følgjande:

- kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonar
- reguleringsføresegner som i folketrygda
- overføringsavtalen blir vidareført
- ei godt tilpassa AFP-/tidlegpensjonsordning

Parallelt med dei kortsiktige grepa må ein i samband med evalueringa av AFP starte arbeidet med den generelle nivåhevinga. Dette vil også redusere terskelen for tidlegpensjon. Alle steg må takast i same retning. Dette bør skje under aktiv medverknad frå lovgivarar og arbeidsgivarar, der ein fremmar eit meir samla og heilskapleg system.

Gjennom pensjonsreforma har styresmaktene med medverknad frå partane sikra ei meir robust berekraft i folketrygda. Det er viktig at levealdersjusteringa ikkje forsterkar sosiale skeivheiter knytte til forskjellar i levealder mellom ulike grupper i befolkninga.

Staten har også hovudansvaret for pensjonssystemet som heilskap, sjølv om finansieringa kjem frå ulike kjelder. Han bestemmer bidraget frå folketrygda, han bidreg med pengar og regelverk til AFP og er lovgivar for tenestepensjonane.

Nivåhevinga må skje gjennom eit spleiselag der både staten og partane i arbeidslivet bidreg.

# Ein sterk offentleg sektor i heile landet

Ein sterk offentleg sektor er ein grunnpilar i den norske modellen og har vore avgjerande for at vi i Noreg har skapt eit samfunn med relativt små forskjellar. Grunnleggjande velferdstenester og infrastruktur er fellesgode og blir best sikra gjennom offentleg eigarskap og drift, demokratisk styring og godt samspel mellom leiarar og tilsette.

Sysselsetjinga i offentleg sektor utgjorde 30 prosent av den totale sysselsetjinga i Noreg i 2016. Nesten to tredeler av dei offentleg tilsette jobba i kommunar. Dei jobbar med å levere viktige tenester til lokalbefolkinga. Statleg tilsette jobbar for eksempel i NAV, skattekontor, forsvaret og universitet og høgskular. Statlege arbeidsplassar er spreidde over heile landet for å sørge for eit likeverdig tilbod av tenester for heile befolkninga.

Offentleg og privat sektor er gjensidig avhengige av kvarandre for å fungere. Velferdsstaten sikrar lik rett til utdanning, helse- og andre velferdstenester, og legg gjennom det til rette for at privat sektor skal kunne utvikle seg. Vegar, jernbane, straumnett, flyplassar og breiband er viktig infrastruktur som best blir organisert gjennom fellesskapsløysingar, og som er avgjerande for næringsutvikling i heile landet. Offentleg sektor legg til rette for at folk kan kombinere arbeid og omsorgsoppgåver. Dette fremmar likestilling og meir rettferdig fordeling.

Ei god offentleg forvaltning er ein føresetnad for at befolkninga har tillit til velferdsstaten. Angrep på statlege arbeidstakarars rettar, slik som det nye forslaget til endring av tenestemannslova, gir meir ustabile og utrygge arbeidsforhold i staten og svekkjer forvaltninga og moglegheita ho har for å utøve myndighet. LO kan ikkje akseptere endringar som vil svekke den faglege og politiske uavhengigheita til forvaltninga, og vil arbeide for at svekkingar i tenestemannslova blir omgjorde.

## Fellesskapstenestene må som hovudregel drivast av det offentlege

Det er brei oppslutning om ein sterk offentleg sektor i Noreg. Samtidig blir velferdsstaten utfordra av kommersialisering og krefter som ønskjer auka privat profitt frå drift av offentleg finansierte tenester og infrastruktur.

Denne utviklinga har ført til at offentlege midlar som skulle gått til barnehage, skule, barnevern, sjukehus, omsorg og andre offentlege oppgåver, endar opp som privat profitt. Forsking viser at dette skjer på kostnad av lønns-, pensjons- og arbeidsvilkåra for dei tilsette.

LO meiner at offentlege tenester i all hovudsak må drivast i offentleg regi. Men også i åra framover er det nødvendig at det offentlege samarbeider med ideelle og ikkje-kommersielle aktørar. Dette gjeld for eksempel innanfor attföring, barnevern, barnehagar og omsorg. Ein føresetnad er at tilbydarane har fast tilsette medarbeidarar med skikkelege lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår.

Barnehagesektoren og barnevernsinstitusjonar er blant dei velferdsområda der kommersielle aktørar har fått sterkest fotfeste. I mange tilfelle blir profitten kanalisiert til skatteparadis. LO meiner målet må vere å vri eigarskap og drift av barnehagar og barnevernsinstitusjonar til det offentlege, der det kan vere eit visst innslag av ideelle aktørar. For å få dette til må det utviklast ei brei politisk semje om politiske løysingar som står seg over tid. Som eit første steg på vegen må det setjast ned eit offentleg utval som greier ut måtar vi kan sikre at offentlege løvingar til barnehagar, barnevernsinstitusjonar og andre offentlege velferdstenester blir brukte til å sikre dei gode tenestene, og ikkje til privat profitt.

## Styrk fellesskapet sine sjukehus

LOs mål for sjukehuspolitikken er å sikre alle som treng det, helsetenester i verdsklasse. Det skal vere folks helsetilstand som avgjer kva for tilbod ein får, ikkje bakgrunn, økonomi eller bustad.

Dagens Høgre- og FrP-regjering har gjennomført ei rekke tiltak som truar den felles helsetenesta vår.

Fritt behandlingsval, som opnar for eit frislepp av private aktørar finansierte av dei offentlege sjukehusa, nøytral moms og bruk av OPS er nokre eksempel.

Vi vil styrke fellesskapet sine sjukehus. Vi vil fjerne ordningane med fritt behandlingsval og nøytral moms. Drift av sjukehusa må som hovudregel skje i eigenregi, for å sikre kvalitet og kompetanse. Ved eventuell konkurranseutsetjing må det setjast som vilkår at dette ikkje kan gjennomførast dersom det gir dei tilsette dårlegare pensjonsordning, eller dårlegare lønns- og arbeidsforhold, jf. ILO-konvensjon 94 om arbeidsklausuler i offentlege arbeidskontraktar.

Vi vil styrke den politiske styringa, faglegheita og tilliten til sjukehusa våre. Gjennom å betre den demokratiske forankringa sikrar sjukehuspolitikken vår tenester som kjem fellesskapet til gode.

### Tillitsmodell

Dei siste tiåra har idear som er baserte på marknadsstyring, lagt viktige premissar for endringar og styringsreformer i offentleg sektor. Sentrale element har vore utskiljing og oppsplitting av verksemder, å skilje mellom «bestillar» og «utførar», auka konkurranseutsetjing og privatisering og detaljert mål- og resultatstyring. Forsking og erfaring viser at dette har vore ein feilslått politikk, som svekkjer kvaliteten i tenestene, aukar presset på lønns-, pensjons- og arbeidsvilkår og svekkjer medbestemminga for dei tilsette.

No er tida inne for å snu tenkinga. Det er behov for styringsmodellar som er baserte på tillit og faglegheit. Kunnskapen og kompetansen dei tilsette sit inne med, er den fremste ressursen til offentleg sektor og må takast betre i bruk. I staden for unødvendig måling og kontroll må tilsette få auka tillit til å styre sin eigen arbeidskvardag. Utviklinga av tenestene må heile tida skje med utgangspunkt i behova til dei innbyggjarane tenestene rettar seg mot. I tillegg til den folkevalde styringa må det leggjast til rette for betre samspel med brukarar, leiarar og tilsette i kvar enkelt verksemrd.

Målet for ei slik tillitsreform må vere ein sterkare offentleg sektor i heile landet, der utviklinga skjer i samarbeid og sams spel med tilsette og brukarar. Tillit og faglegheit skal ligge i botnen. Vi vil styrke og vidareutvikle trepartssamarbeidet og dei tillitsvalde si rolle i den faglege utviklinga av kvar enkelt verksemrd.

# Fråsegn om samferdsel

Gode transportløysingar er ein føresetnad for høg sysselsetjing, god distriktsutvikling og verdiskaping. LO er spesielt oppteken av at transportpolitikken legg til rette for utvikling av trygge og gode arbeidsplassar med vekt på kvalitet og kompetanse, og som tek vare på dei tilsette i transportsektoren. Ein heilskapleg samferdselspolitikk der alle transportformene blir sett i samanheng, må ligge til grunn for utvikling av norsk samferdsel.

## Klima

Transport står for over 30 prosent av norske klimagassutslepp. Transportomfanget er sterkt aukande, spesielt i og rundt dei største byane. Ei sterk satsing på kollektive, klimavennlege transportløysingar i og rundt dei store byane er ein føresetnad for å kutte utsleppa frå transport. Eit nytt CO<sub>2</sub>-fond må innrettast slik at det fremmar bruk av energiformer som også har låge utslepp av svovel, partiklar og NOx.

Staten og kommunane må inngå forpliktande avtalar om byutvikling og arealpolitikk som støttar opp om statlege investeringar i kollektivtransport, slik at investeringane får større samfunnsnytte og miljøeffekt. Ein regional plan for areal og transport må ligge til grunn for avtalane.

## Kollektivtransport

Det auka transportbehovet, som følgje av befolkningsveksten i dei større byane, krev ei framleis sterk satsing på utbygging og drift av kollektive transportløysingar. Det må investeraast i utbygging av gangvegar, sykkelvegar og innfartsparkeringsplassar. For å halde ved like busetjing og næringsverksemd er også distrikta avhengige av ein god og offentleg kollektivtransport.

LO vil arbeide for å forbetre anbodsreglane innanfor kollektivtransporten, slik at dei sikrar grunnleggjande lønns- og arbeidsvilkår, miljø og trafiksikkerheit. Tillitsvalde må sikrast innverknad på utforming av anbodskriteria, som også må omfatte eventuelle underleverandører. Vidare må arbeidsgivaransvaret plasserast hos dei som har den faktiske styringsretten over arbeidskvarden til sjåførane. Dette må også gjelde for taxi- og turselskap som legg inn anbod på skule-, sjuke- og handikapkjøring. Ved slike anbod skal ein av dei landsdekkjande bussbransjeavtalane leggjast til grunn.

Innanfor drosjenæringa er det behov for at det blir etablert større einingar i tilknyting til formidlingssentralane. Dette vil gi betra lønns- og arbeidsvilkår for sjåførane og eit billigare og betre tilbod til kundane. Dette må skje gjennom reguleringar innanfor dagens lovverk.

## Jernbane

Jernbanen i Noreg står overfor store utfordringar, og det er viktig at det no blir teke eit grunnleggjande val om kva for rolle jernbanen skal ha i eit framtidig transportsystem. For å nå måla i både samferdsels- og klimapolitikken vil behovet for ein effektiv kollektivtransport og godstransport på jernbane stå heilt sentralt. Det må satsast betydelege ressursar på jernbanen for å sikre ein framleis vekst i person- og godsmarknaden, og dessutan gjere jernbanen til eit attraktivt og godt alternativ til privatbil i og rundt byane. Både for gods- og persontrafikken er det kapasiteten i infrastrukturen som legg avgrensingar for ytterlegare vekst, og dette arbeidet må derfor ha høg prioritet. Konkurranseutsetjing av drifts- og vedlikehaldsoppgåver på infrastruktur undergrev oppbygging og vidareføring av fagkompetanse.

Ei oppsplitting av jernbanesektoren i Noreg i mange selskap er svært uheldig og vil svekkje sektoren over tid. Internasjonale erfaringar konkluderer med at ein velfungerande jernbane er avhengig av svært tette band mellom infrastruktur og trafikk, fordi jernbanedrift er så komplekst. LO ønskjer derfor ei anna utvikling av jernbanen enn den konkurranse- og anbodsutsetjinga på jernbanen som er iverksett gjennom jernbanereforma, der det blir lagt til rette for ein massiv konkurranse om offentlege midlar og sal av offentleg eigedom og infrastruktur, og dessutan rasering av lønns-, pensjons- og arbeidsvilkåra for dei tilsette. Dette inneber også at LO er imot implementering av EUs Jernbanepakke IV.

## Sjø

Klimaomsyn gjer at meir av transporten i verda må gå sjøvegen i framtida, samtidig som skipsfarten må redusere utsleppa av klimagassar og miljøskadeleg NOx. Transport på sjøen bør derfor styrkjast gjennom auka offentleg satsing på utvikling av nye miljøvennlege løysingar, nye internasjonale miljøkrav, og dessutan forbetra sikkerheit og beredskap til sjøs. LO meiner NOX-fondet må vidareførast.

Offentlege anbod må brukast for å fremme utviklinga av miljøvennlege skip, og verkemiddelapparatet for å fremme teknologiutviklinga. I samband med det er det nødvendig med ei betydeleg modernisering og fornying av skipsflåten i Noreg. Samtidig har norske verft ledige ordrebøker, og norske energiselskap har tilgjengeleg lågutsleppsenergi som LNG, biogass og hydrogen.

Det må lagast ein heilskapleg tiltaksplan som kan gjennomføre dette utan at det forverrar konkurransesituasjonen for sjøtransporten, og som sikrar arbeidsplassar og utviklar verftsindustrien i Noreg.

Stad Skipstunnel har vore under planlegging sidan 2012, og LO forventar at utbygginga startar straks etter at utgreiinga er avslutta.

## Godstransport på sjø og jernbane

For at dei overordna måla om å flytte meir godstransport over frå veg til bane og sjø skal oppfyllast, må det gjerast betydelege investeringar i infrastrukturen. LO vil arbeide for at mest mogleg av godstrafikken blir flytt over på jernbane og skip. Det må byggjast samlastningsterminaler for å få til ein saumlaus overgang mellom dei forskjellige transportartane. Det er særleg viktig at godsterminalen på Alnabru blir bygd ut med kapasitet for framtidige behov, og at det blir bygd ut banetilknyting til Oslo hamn.

Kapasiteten for godstransport på bane må aukast gjennom utbygging av dobbeltspor, og fleire og lengre kryssingsspor. Skal meir gods overførast frå veg til sjø, må formålstenlege hamneareal vere tilgjengelege, og infrastrukturen til, frå og i hamnene må byggjast ut. I samband med det er det viktig å unngå at hamneareal og areala som blir nytt til jernbaneformål, og industriområde i tilknyting til desse, blir omregulerte og nytt til andre formål.

Det er viktig at arbeidet med å byggje dobbeltspor på Ofotbanen blir prioritert, for at banen skal kunne ta den forventa auken i godstransport.

## Veg

Veggnettet har mykje å seie for å knyte saman landsdelane, redusere transportkostnader for næringslivet, og er særleg viktig der jernbanen ikkje kan dekkje behova. Det er eit stort behov for å bygge ut og fornye infrastrukturen og ruste opp vegnettet både i distrikta og i sentrale strøk. Investeringar i veggnettet og ein betre vegstandard vil føre til auka sikkerheit og lågare drivstoffforbruk. For å sikre ei rask og effektiv utbygging av større prosjekt er det ein føresetnad at samanhengande prosjekt blir fullfinansierte, og at det blir fastsett ein dato for ferdigstilling.

Vedlikehald, oppgradering og skred- og flaumsikring av veggnettet er viktig for å få til ein mest mogleg effektiv vegbasert gods- og persontransport. Det er framleis mange rasutsette område, og det må satsast vidare på rassikringstiltak som bidreg til å spare liv og helse og tap av materielle verdiar. Det må jobbast aktivt for færre ulykker og skadde på norske vegar, mellom anna gjennom midtdelalarar i veggnettet, gjennomgåande gang- og sykkelstigar og trygge kryssingspunkt.

## Godstransport på veg

Utanlandske selskap som konkurrerer om grensekryssande transportoppdrag på heilt andre vilkår enn dei norske selskapa, er aukande. I ein slik konkurranse taper dei norske selskapa både på veg, bane og sjø mot den utanlandske tungtransporten. Også den innanlandske transporten blir i større grad overteken av utanlandske selskap gjennom kabotasjeoppdrag og kombinerte transportar. Allmenngjeringa av tariffavtalane for godstransport og turkøyring med buss er viktig for å sikre norske arbeidsplassar og norsk transportnæring. LO krev at kontrolltataane får tilstrekkelege

ressursar til å gjennomføre kontrolltiltak som er nødvendige for at allmenngjeringsføresegnene skal ha verknad og sikkerheita blir varetaken. Det må utviklast strategiar for effektiv nedkjemping av sosial dumping også i internasjonal og kombinert transport. Det er uakseptabelt at for eksempel godstransport frå Göteborg til Noreg lovleg kan utførast på tredjelands lønnsnivå.

Det må etablerast eit klart og ein tydig regelverk for kabotasjekøyring for persontransport, likt det som er for godstransport. Konsekvensen av manglende regelverk er at talet på norske bussar blir redusert, noko som på sikt vil gå utover beredskapen, som for eksempel buss for tog og andre beredskapsoppdrag.

Utbygginga av døgnkvileplassar for tungtransporten må gjennomførast minimum i samsvar med Nasjonal transportplan 2014–2023.

### **Luft**

Luftfarten er av stor samfunnsverdi for Noreg, og ei viktig næring som sikrar trygg og effektiv infrastruktur, skaper arbeidsplassar – direkte og indirekte, sikrar busetjing og gir økonomisk vekst. Dagens luftfart er ein globalisert og svært konkurranseutsett industri. Veksten i luftfarten vil føre til auka klimautslepp, og tiltak som avgrensar utslepp, må derfor stimulerast. Det må også utviklast og takast i bruk ny teknologi for å innføre fornybart drivstoff til luftfarten, og for å forbetre kapasiteten for produksjon og distribusjon ved at det blir lagt til rette for etablering av produksjonsanlegg med tilstrekkeleg produksjonsvolum i nær tilknyting til dei største lufthammene.

Regelverket for sivil luftfart er i stadig større grad styrt av EU, og norske styresmakter må aktivt delta i arbeid og prosessar i internasjonale organisasjonar for å utvikle eit regelverk som gir like konkurransevilkår og forhindrar at flyselskap kan ta i bruk kreative forretningsmodeller, som er kjenneteikna av oppsplitting av selskap, atypiske tilsetjingsmodeller, skatteplanlegging, omgåing av sosiale ordningar og arbeidsavtalar med därlegare vilkår. Regelverket må sikre tilsette heile og faste stillingar direkte hos flyselskapet, tydelege heimebasereglar som definerer arbeidsgivaransvaret, og hindre bruk av framandflagg. Ei framleis fragmentering svekkjer både det organiserte arbeidslivet og det sosiale fellesskapet, og kan i verste fall true flysikkerheita.

Norsk luftfart har vore prega av ein sterk sikkerheitskultur der den norske modellen har vore og er ein berebjelke i sikkerheitssamarbeidet i luftfarten. Flysikkerheitsarbeidet må prioriterast og vidareutviklast. Det er viktig at det blir sikra nasjonal kontroll med samfunnskritiske område som luftambulanseenesta og helikoptertransporten på norsk kontinentalsokkel gjennom krav om norsk driftsløyve for operatørar av desse tenestene.

I ein globalisert luftfartsmarknad må norsk luftfart få gode rammevilkår, berekraftige vekstmoglegheiter og rettferdige konkurransevilkår som samtidig sikrar arbeidstakarars rettar. Det må takast grep om utviklinga av norsk luftfart gjennom å setje ned eit breitt partssamansett utval som skal gi grunnlag for ei stortingsmelding om heilskapleg nasjonal luftfartsstrategi.

Det er eit stort behov for å styrke rekrutteringa til luftfartsbransjen. Det må leggjast til rette for ei fagutdanning av kabinpersonale, styrking av studiefinansieringsordninga og det offentlege utdanningssystemet for pilotar, for blant anna å forhindre eit «pay-to-fly»-system i luftfarten der pilotar må betale arbeidsgivar for å oppnå det nødvendige talet på flytimer.

Vi må behalde Avinor-modellen for å drifte og vidareutvikle lufthammene i heile landet. I tillegg er det nødvendig å få bandlagt areal til ein tredje rullebane på Gardermoen straks, for å sikre nødvendig kapasitet i framtida.

# Maritim aktivitet – utan sosial dumping

Noreg er den fremste havnasjonen i verda. I møtet med og i meistringa av havet har Noreg utvikla kompetanse og næringar som i dag er i verdsklasse. Sjømatnæringa, skipsfart og offshore olje- og gassverksemdund sysselset hundretusenvis av nordmenn og bidreg med ei verdiskaping som gjer det mogleg å ha eit av dei høgaste velferdsnivåa i verda. Noreg skil seg frå dei fleste andre land ved at vi har ein vesentleg del av verdiskapinga og sysselsetjinga i havrelatert næringsliv.

Realisering av framtidig verdiskaping i havrommet, anten det gjeld mat, energi eller mineral, krev ein aktiv og framoverlent politikk. Skipsfarten er ei av Noregs eldste næringar i havrommet. Han er utsett for ein sterk internasjonal konkurranse. Konkuransen tvingar mange reiarlag til å ta valet mellom å tape i konkurransen eller å flagge ut skipa og skifte ut det norske mannskapet. Vi ser stadig at norske reiarlag flaggar ut sine skip eller skiftar til det norske internasjonale registeret. Formålet med flaggbytte er å redusere mannskapskostnadene.

På land er det gjennomført tiltak for å sikre ei lønn som gjer det mogleg å leve i Noreg. Eit lønnsnivå langt under gjeldande tariffavtalar blir kalla sosial dumping. På havet er det fritt fram for norske og utanlandske reiarlag å operere med lønnsnivå som er tilpassa levekåra i heilt andre verdsdelar. Dette gjeld sjølv om skipet hovudsakleg opererer i norske farvatn.

Ei aktiv satsing på havrommet er avhengig av at vi tek vare på og utviklar kompetansen som den maritime næringa representerer. Kompetansen til norske sjøfolk er ein del av fundamentet for utviklinga i den maritime næringa. All aktivitet i havrommet vil vere avhengig av at vi utviklar og driftar skip som skal utføre eksisterande og nye oppgåver.

LO vil ha ei verdiskaping i havrommet som baserer seg på norske lønns- og arbeidsvilkår. Vi må sørge for at sjøfolk med bustad i Noreg kan velje ein arbeidsplass til havs. Vi må hindre ein situasjon der det er ei valmogleighet å skifte til lønnsnivå og arbeidsvilkår frå andre verdsdelar.

I offentlege innkjøp må det stillast krav om norske lønns- og arbeidsvilkår i all transport i Noreg som er knytt opp til prosjekt.

Det må greia ut om det gjennom tildeling av lisensane kan krevjast norske lønns- og arbeidsvilkår for skipstenester på norsk sokkel.

Norske reiarar kontrollerer ein stor handelsflåte. Dei siste 40 åra er han i stor grad flagga med framandflagg. Talet på norske sjøfolk er i sterkt tilbakegang i handelsflåten.

Ei varig erkjenning av at det er viktig med ein stor norsk handelsflåte, er avhengig av at denne næringssverksemdund skaper verdiar og arbeidsplassar for landet. Det er godt dokumentert at den kompetansen sjøfolk opparbeider på havet, har betydning for utstyrslverandørane i den maritime sektoren.

Vi må ha ordningar som bidreg til at også norske sjøfolk kan ha ein jobb på verdshava og hauste erfaringsbasert kompetanse.

# Palestina

LO krev at norske styresmakter fører ein politikk som bidreg til at Israel avsluttar okkupasjonen av Vestbredda og annekteringa av palestinsk land. Blokaden av Gaza må opphevest, muren rivast, palestinske flyktningars rett til å vende heim må respekterast, og det må arbeidast for ei demokratisk statsløsing med like rettar for alle. Sidan dialog og resolusjonar har hatt liten effekt, må det heretter arbeidast for ein internasjonal økonomisk, kulturell og akademisk boikott av Israel for å nå desse måla.

I år er det 50 år sidan Israels okkupasjon av Palestina. Israelske styresmakters politikk tek frå palestinrarar grunnleggjande menneskerettar og undergrev moglegitene for økonomisk utvikling og palestinsk sjølvstende. Blokaden av Gaza, den folkerettsstridige muren gjennom Vestbredda og ei aggressiv utbygging av ulovlege busetjingar på palestinsk land hindrar palestinrarane i å bestemme over eigne liv og naturressursar. Det fører også til ei oppsplitting av Palestina som gjer etableringa av ein sjølvstendig palestinsk stat stadig vanskelegere.

Framleis lever rundt tre millionar palestinrarar som flyktningar i naboland. Det er eit liv som er prega av arbeidsløse og fattigdom og med få utsikter til eit trygt og verdig liv. LO krev at situasjonen for dei palestinske flyktningane blir løyst i tråd med FNs resolusjon 194, som slår fast at dei palestinske flyktningane har rett til retur.

Palestinrarar blir behandla som andrerangs borgarar, både i landflyktigkeit, i Israel og i Palestina. Dei blir fråtekne eigedom og blir utsette for systematisk trakassering, innskrenkingar i rørslefridommen, vilkårleg fengsling og mangel på rettferdig rettargang. Både israelarar og palestinrarar har rett til å leve i fred og sikkerheit, og både palestinske og israelske styresmakter må slå ned på vold og diskriminering.

Fleire tusen palestinske fangar sit i israelske fengsel. Den siste månaden har 1600 fangar gått til sveltestreik for å protestere mot umenneskeleg behandling. LO krev at palestinske fangar blir behandla i tråd med internasjonale standardar og får medisinsk tilsyn, tilgang på mat og kommunikasjon med familiene sine. Israels folkerettsstridige bruk av langvarig forvaring utan lov og dom må ta slutt. LO tek avstand frå at israelske styresmakter arresterer og fengsler barn frå 12 år og oppover, som ofte blir mishandla og isolerte frå foreldra i månadsvis. LO kritiserer Israel for brot på FNs barnekonvensjon for fengsling av mindreårige.

Arbeidsløysa i Palestina er nærmare 30 prosent. Spesielt hardt ramma er ungdom. Eit trygdesystem for arbeidslause eksisterer ikkje. Rundt 120 000 palestinske arbeidatarar jobbar i Israel, rundt halvparten illegalt. LO vil føre vidare støtta til PGFTU for å sikre rettane til palestinske arbeidstakrar.

Konflikten mellom Israel og palestinrarane er meir fastlåst enn på lenge. Ei tostatsløsing og ei gjenopprettning av fredsprosessen er framleis løysinga ein bør arbeide for. Dette føreset ei gjensidig erkjenning og ein vilje til fredleg sameksistens. Israel fører ein politikk som er i ferd med å gjøre ei slik løysing umogleg. Det internasjonale samfunnet må legge nødvendig press på Israel slik at ei tostatsløsing kan bli realisert.

LO ber norske styresmakter om å anerkjenne Palestina som eigen stat innanfor grensene av 1967. Den norske regjeringa må vidare arbeide for at FN opnar for full palestinsk medlemskap. Ei anerkjenning av Palestina vil styrke palestinrarane sin forhandlingsposisjon og bidra til at ei tostatsløsing kan bli mogleg.

Israels blokade av Gaza har pågått sidan 2007, og Israel har gjennomført tre større invasjonar av Gaza sidan starten av blokaden. Den siste i 2014 førte til enorme øydeleggingar. 100 000 fekk øydelagt heimane sine, og over 60 000 er framleis heimlause, tilgang til vatn og straum er kritisk, og arbeidsløysa er nærmare 60 prosent blant dei unge. Med strenge import- og eksportrestriksjonar har blokaden hindra økonomisk utvikling og ført med seg store lidingar for befolkninga. LO krev at blokaden av Gaza blir oppheva.

LO krev at Israel avsluttar okkupasjonen av Vestbredda og avviklar busetjingspolitikken som inneber ei faktisk annekttering av okkuperte område. LO krev vidare at Israel no etterlever FNs resolusjon 2334 frå 2016 om full byggjestans i dei ulovlege busetjingane på den okkuperte Vestbredda. Israel må straks starte ei tilbaketrekkning av dei ulovlege busetjarane i samsvar med Genève-konvensjonen, som forbyr forflytting av sivilbefolkninga til okkuperte område.

Israels riving av palestinske bygningar har auka dramatisk. Bakgrunnen er at mange palestinrarar har bygd utan løyve fordi dei nesten aldri får byggjeløyve i Aust-Jerusalem og i det såkalla C-området, som utgjer 60 prosent av Vestbredda. Tusenvis av palestinrarar lever med trussel om å få heimane sine rivne, og mange, særleg beduiniar, står i fare for tvangsforsflytting.

Okkupasjonen er med på å finansiere og dermed styrke Israels økonomi og politikk overfor palestinrarane. Import av varer frå dei israelske busetjingane og industrisonene på Vestbredda må forbydast. Norske styresmakter bør ta initiativ til ein internasjonal boikott av slike varer. LO ber norske styresmakter om å sikre at statens pensjonsfond og norske selskap ikkje styrker okkupasjonen gjennom handel med og investeringar i selskap som har eller bidreg til aktivitetar på okkupert område.

Dei maritime grensene for sokkel og havområde i det søraustlege Middelhavet, mellom anna områda utanfor Israel og Gaza, er uavklarte. Noreg og norske oljeselskap må ikkje delta i samarbeid med Israel som har som formål å utvinne olje og gass i uavklarte eller omstridde område.

LO oppfordrar norske forbrukarar til å handle palestinske varer for å bidra til økonomisk utvikling i Palestina.

LO fordømmer at den israelske nasjonalforsamlinga har vedteke ei lov som forbyr innreise for personar som oppmuntrar til økonomisk, kulturell eller akademisk boikott av Israel eller område under israelsk kontroll. Dette er eit angrep på ytringsfridommen og folks demokratiske rettar.

# Internasjonal fråsegn

FNs berekraftsmål er avgjerande for å utvikle og styrke inkluderande og berekraftige samfunn. Det er viktig at anstendig arbeid er løfta inn som eit sjølvstendig mål. Klima-avtalen frå Paris pålegg alle land eit ansvar for å stoppe klimaendringane, og Noreg må vere pådrivar for at måla blir nådde. Arbeid er den sikraste vegen ut av fattigdom, men framleis står altfor mange i verda utan arbeid. Spesielt rammar arbeidsløysa ungdom i Afrika sør for Sahara, Sør-Asia og dei arabiske landa. Unge kvinner har framleis den lågaste sysselsetjingsraten i verda. FNs berekraftsmål må følgjast opp for å sikre likestilling, arbeid og like mogleheter for alle.

Jobbkvalitet, trygdeordningar og velferdstenester er under press i mange land. Talet på mellombels jobbar aukar. Det same gjer talet på arbeidande fattig. Heile 46 prosent av alle arbeidstakarar i verda jobbar i eit arbeidsforhold som er prega av uanstendige lønns- og arbeidsvilkår. Gjennom å fremme jobbskaping, grunnleggjande arbeidstakarrettar, sosialt vern og sosial dialog mellom partane i arbeidslivet bidreg ILOs agenda for anstendig arbeid til å utvikle eit godt arbeidsliv og samfunn som inkluderer alle. Fagrørsla har sett søkjelys på at det trengst jobbskaping og kamp mot arbeidsløyse, og stilt krav til styresmaktene om offensive tiltak for vekst og sysselsetjing.

I mange land er fagrørsla under sterkt press. Mange nasjonale styresmakter ser på faglege rettar som eit hinder for økonomisk utvikling, og grunnleggjande arbeidstakarrettar blir undergravne. I mange land blir tillitsvalde og organiserte trakkert. Samtidig ser vi ei utvikling der faglege rettar som streikeretten er under press. Den internasjonale faglege samorganisasjonen (ITUC) framhevar i sin årlege rapport at dette er særleg alvorleg for land som Tyrkia, Qatar, Kviterussland, Guatemala, Colombia, Kina, India og Iran. Internasjonale reglar og arbeidsstandardar som er etablerte av ILO, er viktige, men blir systematisk undergravne av mange land. LO vil arbeide for å styrke FN og andre internasjonale organisasjonars arbeid for å utvikle, overvake og handheve internasjonale lover og reglar, med særleg vekt på FNs organisasjon for arbeidslivet, ILO. Vi vil også arbeide for at norske styresmakter styrker arbeidet i ILO og for å fremme ILOs rolle globalt.

Globalisering og økonomisk integrasjon har bidrige til økonomisk vekst og velstand for mange. I dag er vi tettare integrerte på tvers av landegrensene enn tidlegere. Dette føreset at vi handlar og samarbeider basert på avtalar og institusjonar som sikrar rettferd og likebehandling. Ei svekking av det multilaterale systemet vil særleg ramme små og opne økonomiar som Noreg.

Den økonomiske veksten har ikkje kome alle til gode, og sosiale sikkerheitsnett er blitt svekte. Dei rikaste har blitt stadig rikare, og ulikskapen har ført til aukande fattigdom. Organisasjonsrett, forhandlingsrett og streikerett er viktige grunnelement for å sikre omfordeling i samfunn og arbeidsliv. LO krev at norske styresmakter alltid fremmar prinsippa om anstendig arbeid i bistands-, utanriks-, nærings- og handelspolitikken. Arbeidet med rettferdig omstilling må prioriterast for å sikre både arbeid til alle og eit berekraftig og grønare samfunn. Internasjonal handel bør regulerast gjennom Verdshandelsorganisasjonen (WTO), men der Noreg vel å inngå bilaterale handelsavtalar, vil LO vere pådrivar for at arbeidstakarrettar blir inkluderte og respekterte i avtalane.

Norske verksemder må ta samfunnsansvar når dei investerer og opererer i utlandet, og sørge for anstendig arbeid i heile leverandørkjeda. Det er viktig at fleire selskap inngår globale rammeavtalar og arbeider aktivt for å følgje dei opp.

Dei vedvarande konfliktane i Midtausten og Nord-Afrika har ført til ei flyktningkrise i nærområda og har sett solidariteten på prøve i eit Europa som ikkje har evna å samarbeide om løysingar. Mens titusenvis er på flukt med eige liv som innsats, blir det krangla om kven skal ta ansvar. Migrasjon som kjem av klimaendringar, arbeidsløyse og fattigdom, vil prege Europa i lang tid framover og vil krevje ei meir samla og solidarisk løysing. Borgarkrigen i Syria har ført til enorme lidingar for befolkninga. Noreg og det internasjonale samfunnet må bidra med humanitær hjelp og finne politiske løysingar på konflikten.

Manglande politisk vilje til å løyse flyktningkrisa har vore med på å skape grobotn for auka framandfrykt. Ei like viktig forklaring er dei aukande økonomiske forskjellane og sosial usikkerheit grunna manglande omfordeling av økonomisk vekst. Det er ein situasjon som høggreekstreme og populistiske krefter i Europa kynisk utnyttar for auka oppslutning. Politiske parti som fremmar intoleranse og hat, har fått auka oppslutning i mange land. LO ser med bekymring på utviklinga og minner om kva for konsekvensar slike politiske krefter har ført til tidlegere.

Internasjonal solidaritet og samarbeid er viktig for å styrke fagrørsla og fremme arbeidstakarane sine interesser både nasjonalt og internasjonalt. LO vil føre vidare det internasjonale engasjementet for å betre dei faglege, politiske og sosiale rettane til arbeidstakarane.

Migrantarbeidarar er i mange land i ein særleg sårbar situasjon. Dei blir grovt utnytta og mishandla. Dei har sjeldan tilgang til grunnleggjande faglege rettar som retten til å organisere seg og forhandle. I nokre land blir migrantarbeidarane utsette for regelrett slavearbeid. LO krev at norske styresmakter må utøve press internasjonalt og bilateralt for å betre forholda for migrantarbeidarar i dei landa der grunnleggjande rettar ikkje blir respekterte.

Dei siste åra er det blitt sterke sokjelys mot store internasjonale idrettsarrangement og idrettens ansvar for eigne arrangement. Tildeling av internasjonale idrettsarrangement fører ofte til store investeringar i infrastruktur, og i land som Qatar og Russland blir migrantarbeidarane utsette for slaveliknande arbeidsforhold. Organisasjonar som IOC og FIFA må ta større ansvar for menneskerettar og arbeidstakarrettar. LO vil fortsetje samarbeidet med idrettsrørsla og jobbe for at dei internasjonale idrettsorganisasjonane sørger for å følge ILO-konvensjonar ved store internasjonale idrettsarrangement.

Fagrørsla i Midtausten og Nord-Afrika står overfor betydelege utfordringar. Kampen for å bygge rettferdige, inkluderande og demokratiske samfunn held fram. Den frie og uavhengige fagrørsla spelar ei viktig rolle i desse prosessane – noko fagrørsla i Tunisia er eit godt eksempel på, og som dei fekk Nobels fredspris for, saman med arbeidsgivarane og andre frå sivilsamfunnet. Gjennom det internasjonale arbeidet vil LO støtte opp om den viktige nøkkelrolla fagrørsla har i regionen. Kvinnene spelar ei viktig rolle i mange av desse landa, men opplever at deira rettar blir trua. Regionen utpeikar seg med stor grad av kjønnsdiskriminering. LO ber norske styresmakter og verksemder integrere og fremme likestilling i sitt engasjement i regionen.

Den politiske utviklinga i Tyrkia er svært urovekkjande. Tyrkiske styresmakter arbeider for stadig meir kontroll gjennom å angripe demokratiske rettar og ytrings- og organisasjonsfridom. Dette skjer blant anna gjennom masseoppseiingar, arrestasjonar og fengsling av alle dei som styresmaktene meiner driv med opposisjonell verksemd. Fagorganiserte og tillitsvalde er spesielt utsette for overgrep. LO vil støtte tyrkisk fagrørsle og krev at Tyrkia etterlever internasjonale forpliktingar om menneskerettar.

Cuba har i mange år vore isolert av USAs blokade, men den siste tida har det vore positive utviklingstrekk som ser ut til å kunne leie til ei sterke tilknyting til verdshandelen. Det er ei utvikling som kan føre til større velstand, men samtidig auka omstilling i nærings- og arbeidsliv. Cuba går inn i ein periode der det er viktig med samarbeid med fagrørsla i andre land, og LO vil fortsetje samarbeidet med fagrørsla på Cuba (CTC). Trass i den positive utviklinga er det usikkert om den nye amerikanske regeringa vil følgje opp og oppheve blokaden heilt. LO ber norske styresmakter arbeide for å oppheve blokaden heilt og fullt.

Marokko fortset okkupasjonen og plyndringa av naturressursar i Vest-Sahara. Eksporten av naturressursane er med på å finansiere og derigjennom styrke okkupasjonen. Det saharawiske folket opplever omfattande brot på menneskerettane. LO ber norske styresmakter arbeide aktivt for at det saharawiske folket må få avgjere si eiga framtid gjennom ei folkeavstemming. Norske verksemder må ikkje investere eller drive verksemd som bidreg til å styrke okkupasjonen.

Det føregår no ein prosess der eit fleirtal av landa i verda forhandlar i FN om eit avtaleverk for å forby atomvåpen. Den norske regjeringa har valt å setje Noreg på sidelinja. LO krev at norske styresmakter deltek og bidreg i arbeidet med å forby det mest destruktive masseøydeleggingsvåpenet som finst.

Noregs forhold til Russland er prega av skiftande nasjonale og internasjonale utviklingstrekk. Det er viktig at Noregs naboskapspolitikk er føreseileg og langsigktig, samtidig med at vi krev respekt for gjeldande internasjonale konvensjonar. LO meiner at folk-til-folk-samarbeid er viktig for å halde ved like og vidareutvikle forholdet mellom landa.